



Bygland kommune



Budsjett 2020 **Økonomiplan 2020-2023**

Vedteke dokument

PS 108/19 den 11.12.2019



FORORD

Rådmannen legg med dette fram sitt framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020–2023. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2019–2022, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Utviklinga i kommunen sine inntekter har vore negativ frå 2012. Den negative folketalutviklinga gjennom mange år har ført til nedgang i inntekter frå skatt og rammetilskot. Dei kraftbaserte inntektene viser også ein klar nedgang. I budsjettet for 2015 var kommunen i ein situasjon der det ikkje lenger var nok å nytte osthøvel for å få budsjettet i balanse. Budsjettet vart som kjent saldert med bruk av fond. I budsjettet for 2015 vart det vedteke å redusere budsjetttramma for 2016 med 8 millionar for at budsjettet for 2016 kunne salderast utan bruk av fond.

I budsjettet for 2020 er situasjonen noko betre. Dei kraftbaserte inntektene aukar og den forventa veksten i frie inntekter (skatt og rammetilskot) vert 1,8 %. Den forventa auken i kostnader vert 3,1 %. I budsjettprosessen for 2020 er det kutta i drifta både på utgiftssida og inntektssida. Det er så godt som ingen buffer i budsjetttrammene til einingane. Med desse grepa er budsjettet lagt fram med å bruke av disposisjonsfond på omlag kr 2,4 millionar (inkl. ekstraordinære kostnader på kr 1.265.000). Bygland kommune har i fleire år budsjettert med bruk av fond. Fram til nå har vi gjort opp rekneskapen med mindreforbruk som er sett av til disposisjonsfond. Det er likevel grunn til uro når dette vert gjort fleire år på rad. Det må vere eit mål at driftsnivået vert tilpassa inntektene for 2021, slik at vi igjen kan legge fram eit saldert budsjett for 2021.

Kraftskatteutvalet foreslår i NOU 2019:16 at den statlege grunnrenteskatten vert auka og at dette skal finansierast med at avvikling av lovbestemte ordningar som gir vertskommunane inntekter. Bygland kommune har i dag 18,128 millionar i samla kraftinntekter. Etter framlegget til kraftskatteutvalet vil det bli redusert til kr 5,575 millionar, ein reduksjon på kr 12.552 millionar i året. Dette er så dramatisk at det vil bli veldig vanskeleg å tilpasse drifta til dette inntektsgrunnlaget. LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar) arbeider aktivt med saka og rådmannen tek sikte på å legge fram ein sak med framlegg til uttale som kommunestyre kan handsame i desembermøte.

Setesdal Vekst er eit treårig næringsprosjekt i Bygland kommune som starta opp vinteren 2019. Prosjektet kom i stand for å fylla ledige næringslokale i sentrum av Bygland etter at Lensmannskontoret og Sparebanken Sør hadde lagt ned sine kontor. Siktemålet er å skape vekst i næringslivet i Bygland kommune og andre kommunar i Setesdal. Prosjektet er finansiert med kr 1,5 mill. frå Setesdal regionråd og kr 1,5 mill. frå Bygland kommune. Siri Lande er tilsett som prosjektleiar. Dette er etter rådmannen si mening ei rett satsing for å skape grunnlag for vekst i kommunen. Det er kome nye etableringar som følgje av prosjektet og vi vonar det kjem nye i 2020.

Eit anna viktig tiltak i budsjettet er utvikling av Presteneset til framtidig bustadbygging og næringsutvikling. Det er viktig å legge til rette for bygging av attraktive bustader både for kommunen sine innbyggjarar og innflyttarar. Denne satsinga er godt i samsvar med ønsket om å bygge tettare og meir kompakt sjølv i utkantkommunar. Ein vonar at dette vil vere starten på ei vidare utvikling i Bygland sentrum. I 2019 vart reguleringsplanen endeleg godkjent og ein kan arbeide vidare med utvikling av området i 2020.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen er godt i gang. I 2019 har kommunestyret vedteke planprogram for korleis arbeidet med kommuneplanen skal gjennomførast. Det skal både utarbeidast ein samfunnsdel og ein arealdel.

Samfunnsdelen har som hovudmål å sikre ei heilskapleg planlegging og at vi - *kommunen som samfunn og organisasjon* - dreg i samme retning. Den skal danne grunnlag for einingane sine planar og verksemd i kommunen.



I kommuneplanen er det følgjande hovudsatsingsområder:

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport og kommunikasjon

Ein vil spesielt ha fokus på desse gjennomgåande perspektiva:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

Arbeidet med arealdelen startar opp tidleg i 2020 og den vil ha samfunnsdelen som grunnlag. Kommuneplanens arealdel skal gje hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som skal settast i verk, samt kva for viktige omsyn som å takast i vare ved disponering av areala. Det blir starta ein medverknadsprosess rundt dette i løpet av vinteren 2020, og vi ser fram til å få gode innspel til arealdelen.

Etter planen skal samfunnsdelen opp til politisk handsaming i februar 2020.

I haust er det gjennomført folkemøter på Byglandsfjord, i Grendi, på Bygland og på Ose. Det var tilfredstillande frammøte og det kom inn mange gode innspel til arbeidet vidare.

Det er også gjennomført innbyggjarundersøking der alle innbyggjarar har fått høve til å kome med eigne innspel. Alle desse innspela frå folkemøta og innbyggjarundersøkinga vil bli viktige innspel i arbeidet med kommuneplanen.

I arbeidet med kommuneplanen må ein også våge å ta opp viktige spørsmål som kva for senter skal kommunen prioritere framover og kva er ein føremålstenleg skulestruktur i framtida. Klimasatsinga i kommunen vil også bli tillagt stor vekt.

Rådmannen opplever at Bygland kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar, sjølv etter at driftsnivået er kraftig redusert. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orienterte mot utvikling. Det skjer mykje positivt, som gir grunnlag for å halde fram arbeidet med å løfte omdømmet til kommunen og våge å vere stolte av eigen kommune.

Til tross for mykje å glede seg over i 2019, er den største utfordringa for kommunen framleis den langsiktige negative folketalsutviklinga. Det er likevel gledeleg å sjå at folketallet har stabilisert seg meir dei siste åra og at det er flytta fleire unge familiar med barn til kommunen det siste året. Rådmannen er viss på at både politikarane og administrasjonen tek denne utfordringa på alvor. Rådmannen trur vi må utfordre kvarandre på å vere innovative for å finne grunnlag for positiv vekst og utvikling i kommunen.

Aasmund Lauvdal
Rådmann



INNHALD

1. FRAMLEGG TIL INNSTILLING	6
1.1 FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ÅRSBUDSJETT 2020	6
1.2 FRAMLEGG TIL INNSTILLING – ØKONOMIPLAN 2020-2023	8
2. OVERORDNA KOMMENTARAR	8
2.1 FORMELLE FORHOLD VEDK. ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	8
2.2 GENERELLE HOVDLINER – SAMANDRAG.....	9
2.4 REGIONPLAN AGDER 2030	10
2.5 FOLKEHELSEARBEID I BYGLAND KOMMUNE	11
2.6 VERDIAR I BYGLAND KOMMUNE	11
2.7 FOLKETALSUTVIKLING	11
3. KOSTRA REKNESKAPSTAL FRÅ 2018	12
3.1 INNLEIING	12
3.2 FINANSIELLE NØKKELTAL	12
3.3 PRIORITERING.....	14
3.4 DEKNINGSGRAD	15
3.5 PRODUKTIVITET/ EININGSKOSTNADER.....	15
4. ØKONOMISK RAMME 2020-2023.....	16
4.1 KOMMUNEN SINE DRIFTSINNEKTER.....	16
4.2 KOMMUNEN SINE DRIFTSUTGIFTER	21
5. INVESTERINGSBUDSJETTET	26
5.1 HOVUDOVERSIKT INVESTERINGAR 2020	26
5.2 INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR FOR BUDSJETTET 2020	27
5.3 FINANSIERING AV INVESTERINGAR 2020	30
5.4 HOVUDOVERSIKT INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN	31
5.5 UTLÅN	31
5.6 INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR I ØKONOMIPLANPERIODEN	32
5.7 FINANSIERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET I ØKONOMIPLANPERIODEN	34
6. BUDSJETTRAMMER FOR EININGANE	35
6.1 INNLEIING	35
6.2 POLITISK STYRING OG KONTROLL.....	38
6.3 SENTRALADMINISTRASJON OG FELLESUTGIFTER	38
6.4 KULTUR	45
6.5 OPPVEKSTSEKTOREN I BYGLAND KOMMUNE	47
6.6 RESULTATEINING: HELSE.....	50
6.7 RESULTATEINING: FLYKTINGTENESTA.....	52
6.8 RESULTATEINING: PLEIE OG OMSORG	53
6.9 RESULTATEINING: DRIFT OG FORVALTNING INKL. VARF	56
6.10 RESULTATEINING: STØRRE PROSJEKT	58
6.11 RESULTATEINING: EKSTERNE SAMARBEID	59
6.12 RESULTATEINING: ANDRE SENTRALE INNEKTER OG KOSTNADAR.....	62



VEDLEGG: BUDSJETTSKJEMA	64
A BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT)	64
B BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT)	65
C ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT (ÅRSBUDSJETT)	66
D BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT)	67
E BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT)	68
F BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT)	69
G BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING	70
H ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT ETTER ART, ØKONOMIPLAN	71
I BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT)	72
J BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING	73



1. FRAMLEGG TIL INNSTILLING

1.1 Framlegg til innstilling – årsbudsjett 2020

Framlegg til årsbudsjett for Bygland kommune for 2020, med tilhøyrande føresetnader vert å fastsette som Bygland kommune sitt årsbudsjett for 2020.

Skattesatsar/marginavsetning

Skatten for 2020 på formue og inntekt vert å fastsette til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. eigedomsskattelova § 3 1. ledd bokstav c. For 2020 vil kommunen og skrive ut eigedomsskatt på det som tidlegare var definert som verk og bruk jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova. Eigedomsskatten vert fastsatt til 7 %.

Kommunale avgifter og betalingssatsar

For 2020 vert det følgjande endringar av kommunale avgifter og betalingssatsar:

Bygland kommune legg opp til 100 % dekningsgrad på kommunale avgifter, med unntak av årsavgift på kloakk og vatn.

-	Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)	vert auka med 3,1 %
-	Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.)	vert auka med 4,0 %
-	Slamavgift	vert auka med 0 %
-	Tilkoplingsavgift for vatn	vert auka med 3,1 %
-	Tilkoplingsavgift for kloakk	vert auka med 4,0 %
-	Renovasjonsavgift hus	vert auka med 0 %
-	Renovasjonsavgift hytte	vert auka med 0 %
-	Feieavgift	vert auka med 0 %

Dette svarar til ei vekta gjennomsnittleg auke på 2,1 %. Andre betalingssatsar aukar i samsvar med framlegg til gebyrregulativ 2020.

Låneoptak

Det vert lagt opp til eit finansieringsbehov ved lån/ubrukte lånemidlar til investering på 23,85 millionar i 2020. Før ein tek opp nytt lån, vert ubrukte lånemidlar frå året før nytta. På noverande tidspunkt legg ein ikkje opp til å ta opp nye startlån i 2020, men viss behovet endrar seg i løpet av året vil ein i så tilfelle fremje dette som ei eiga sak.

Andre forhold

1. Rådmannen får fullmakt til å fordele løyving til følgjande føremål ut på den einskilde resultateining:
 - Løyving til lønsauke og auka pensjonsutgifter.
 - Løyving til opplærings- og utviklingstiltak samt velferdsmidlar.
2. Rådmannen får fullmakt til naudsynte tiltak for å gjennomføre vedtaket om minsteavdrag.
3. Rådmannen får fullmakt til å bruke av, og avsette midlar til einingsfond.
4. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapet vert gjort opp med underskot.
5. Rådmannen får fullmakt til å prioritere finansiering av investeringsrekneskapet innanfor budsjett.
6. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å fordele kostnader mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet.
7. Prosjekt nr. 878, Framtidig bruk av stasjonsområdet (prosjektering) vert å auke med 100.000.- til kr. 200 000.-.
8. Rådmannen vert beden om å oppnevne ei arbeidsgruppe som i samarbeid med ekstern bistand, får i oppdrag å kome med framlegg om framtidig bruk av området, inkl. bruk av bygningsmasse.



9. Prosjekt nr. 877, Framtidig bruk av Heradshuset (prosjektering), vert å auke med 100.000.- til kr. 200 000.-
10. Rådmannen vert beden om å oppnevne ei arbeidsgruppe, som i samarbeid med ekstern bistand, får i oppdrag å kome med framlegg om framtidig bruk av Heradshuset. Om mogleg, bør den gamle heradsstyresalen bevarast.
11. Prosjekt nr. 841 Detaljprosjektering av VVA Landeskogen, kr. 450.000.- vert å gjennomføre i 2020.
12. Vidare vert prosjektet med framføring av vatn og avlaup, samt opprusting av veg til Landeskogen, samla kostnad kr. 4.500.000,-, å gjennomføre i 2021.
13. Det vert avsett kr. 250.000.- til planlegging/prosjektering av ladestasjonar for elbil på Byglandsfjord og Ose.
14. Prosjekt 806, Bustadområde Austad, vert å gjennomføre i 2021.
15. Prosjekt nr. 817, Kjøp av tomteareal, vert redusert med kr. 200.000.- til kr. 300.000.- . Ein inngår forhandlingar om frikjøp av næringsområdet sør for Byglandsfjord industribygg, for og om mogleg frigjere meir næringsareal sør i kommunen.
16. Ved framtidig utskiftning/kjøp av kommunale køyretøy, bør dette vere utsleppsfrie køyretøy (elbil).
17. Det kom fram i undersøkinga «Barnetråkk» at mange barn føler utryggleik på grunn av at der er mørkt (manglar gateljos). Kan administrasjonen kome tilbake med ei oversikt og økonomisk konsekvens på det som kom fram i «Barnetråkk»?
18. Kommunestyret ber om ei utgreiing vedrørande sal av aksjane i Setesdal bilruter for å frigjere kapital til utvikling av Bygland kommune, og eit forslag til oppretting av Bygdevekstfond. Dette i god tid før Generalforsamlinga i Setesdal Bilruter våren 2020.
19. Ramme for resultateining 20, Sentraladm. & fellesutgifter, vert å auke med kr. 50 000 i driftstilskot til Frivilligsentralen og arbeidet med å utvide tilbodet til ungdomsarbeid. Arbeidet bør skje i nært samarbeid med ungdomsklubben
20. Ramme for resultateining nr. 300, Bygland oppvekstsenter, vert å auke med kr 100 000 til dekning av utgifter til mat inntil 2 dagar pr. veke i ungdomsskulen, og frukt/grønt inntil 2 dagar pr. veke for alle elevar.
21. Ramme for resultateining 302, Byglandsfjord oppvekstsenter, vert å auke med kr. 25 000 til dekning av utgifter til frukt/grønt inntil 2 dagar pr. veke for alle elevar
22. Ramme for eining 35, drift og forvaltning vert å auke med kr. 250 000. Kr. 200 000 skal nyttast til å gje skuleungdom, busett i Bygland, tilbod om sumarjobb. Tilbodet skal gjevast til ungdom i aldersgruppa frå 16 år t.o.m. 20 år. Kr. 50 000 skal nyttast til oppgradering av uteareal i Bygland sentrum.
23. Kommunestyret bed administrasjonen greie ut moglegheta for utlysing av ei tilskotsordning til private næringsdrivande som ønskjer å ha skuleungdom i arbeid
24. Kommunestyret ber ordførar og rådmann prioritere oppfølging med tanke på prioritering av handlingsplanmidler NTP / SVV – riks- og fylkesvegmidlar for å sikre framdrift med etablering av ny Ose bru
25. Det blir lagt fram eiga sak – der ein vurderer å si opp avtalen om Kulturskulen i Evje Hornnes – og at det blir utgreiia oppretting av eigen kulturskule i Bygland , ev samarbeid med Bykle og Valle, for å sikre eit betre undervisningstilbod lokalt. Inndekking ramma for kulturskulesamarbeidet. Saka må ligge føre i god tid før ev oppseiing av samarbeidsavtalen (1.aug)
26. Av kulturmidlane har kr. 50 000 pr år gått til Bygland hornmusikk, jfr tidlegare politisk prioritering. Dei blir lagde saman med resten av kulturmidlane og Bygland hornmusikk søker om midlar med same reglar som andre søkjarar
27. Røysting over tilleggslyvving frå Bygland kyrkjelege fellesråd: Kommunestyret finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden.

Generelt

Kommunestyret vil presisere at budsjettet er bindande. For den einkilde resultateining gjeld reglane om delegert budsjettmynde innanfor netto driftsramme. Utover dette viser ein til kommunen sitt økonomireglement.

I budsjettet er det teke atterhald om storleiken på auken i utgiftene til IKS og A/S der kommunen er deltakar. Dette skal samordnast på rådmannsnivå og i Setesdal Regionråd før endeleg løyving vert fastsett. Budsjettetert overføring til Setesdal Regionråd er under føresetnad at alle deltakarkommunane er samde om deltakarstøtta.



1.2 Framlegg til innstilling – økonomiplan 2020-2023

1. Økonomiplan for perioden 2020-2023 vert å vedta i samsvar med rådmannen sitt framlegg.
2. Driftsrammer og investeringsrammer i økonomiplanen for perioden 2020-2023 vert lagt til grunn for planlegginga av den kommunale drifta.
3. Enkelt saker med økonomiske konsekvensar som kjem opp i løpet av året, skal som hovudregel ikkje handsamast som enkelt saker, men skal handsamast i samband med økonomiplan/budsjett.

2. OVERORDNA KOMMENTARAR

2.1 Formelle forhold vedk. årsbudsjett og økonomiplan

Lovmessig grunnlag for budsjett og økonomiplan

Kommuneloven § 14-3 seier at kommunestyret innan utgangen av året skal vedta budsjett for komande kalenderår, samt økonomiplan for dei komande fire åra. Årsbudsjettet er ein **bindande** plan for kommunen sine inntekter og utgifter i budsjettåret og bruken av desse. Innstillinga til økonomiplan og årsbudsjett skal offentleggjerast minst 14 dagar før kommunestyret handsamar den.

Kommuneloven § 14-4 set følgjande krav til kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan:

§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

«Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om bevilgningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.»

Det budsjettet som vert lagt fram er eit samla administrativt forslag. Ein har forsøkt å legge opp til mest mogleg open budsjettprosess med resultatføringane. Alle resultatføringane har kome med viktige innspel til arbeidet, og rådmann/økonomeiar har hatt møte med alle desse.

Reint praktisk har ein delt denne saka i følgjande to dokument:

Dokument – Rådmannen si innstilling med kommentarar til både årsbudsjett og økonomiplan.



Vedlegg – Hovudoversikter for årsbudsjettet samt hovudoversikter for økonomiplanen.

2.2 Generelle hovudliner – samandrag

Den aktuelle situasjonen for kommunesektoren

I budsjettframlegget frå Solberg-regjeringa er det lagt opp til ein reell vekst i frie inntekter til kommunane på kr 1,3 mrd. Demografikostnadene utgjer om lag kr 1,3 mrd. og reduserte pensjonsutgifter utgjer om lag 0,4 mrd. På landsbasis er det ei satsing innanfor veksten av frie inntekter på 0,55 mrd. Dette er ikkje øymerka midlar, men satsingsområder i statsbudsjettet. Kommunane har ikkje noko handlingsrom utover eigen effektivisering. Den forventa pris- og lønnsveksten (deflator) ligg på 3,1 % for kommunesektoren.

Frå 2019 til 2020 har Bygland kommune nominell vekst i frie inntekter på 1,8 % i forhold til "RNB-nivå" (RNB = revidert nasjonalbudsjett). Dette vil seie ein negativ realvekst på om lag 1,3 %. I 2019-budsjettet var det ein negativ vekst på 0,3 %, medan i 2018 var denne på -1,6 %. Dette er ein stor nedgang frå 2016 då kommunen hadde ein positiv realvekst på 1,5 % frå 2015-nivå.

Bygland kommune – hovudliner

Bygland kommune har hatt fleire store investeringar fram til og med 2016. Kommunen har ikkje investert i like stort omfang i 2017 og 2018, men i 2019 og 2020 er det igjen vere nødvendig å gjennomføre større investeringar. Ved utgangen av 2018 var nivået på kommunen si langsiktige gjeld litt lågare enn for gjennomsnittet for samanliknbare kommunar. Ein ventar at kommunen vil ligge litt over gjennomsnittet ved utgangen av 2020.

I 2020 er investeringane hovudsakleg knytte til VAR-området (vatn, avlaup og renovasjon). Det største prosjektet, reinseanlegg og brannstasjon på Bygland til kr 19 millionar, er ei vidareføring av eit prosjekt som vart starta i 2019. Total kostnadsramme for dette er kr 30 millionar.

Dei ordinære driftsrammene til resultatiningane er i økonomiplanen justert for den sentrale lønsauka, føringar i statsbudsjettet og særlege forhold som er kommentert i budsjettet.

Eigedomsskatteanslaget for 2020 er på kr 9.100.000, som er ei auke på om lag kr 1,25 mill. samanlikna med 2019. Auka skuldast høgare kraftprisar og nytt kraftverk i Søråni.

Høgare straumpriser gjer at inntekta frå sal av konsesjonskraft aukar til kr 6.268.000 i 2020. Ein legg til grunn same inntektsprognose for dei resterande åra i økonomiplanperioden.

Netto budsjettframlegg for drifta i 2020 balanserer med inntekter og utgifter på kr 110.620.000. I tillegg utgjer investeringsbudsjettet i anleggsmidlar kr 27.270.000.

Budsjett 2020 er lagt fram som eit 0-budsjett. Det vil sei at utgiftene balanserer med inntektene. Dette var og målet som blei satt i budsjettprosessen 2019. Det er tilrådd at kommunane bør ha eit positivt netto driftsresultat på minimum 1,75 % for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014). Sjølv om 2019-budsjettet er lagt fram som eit 0-budsjett, vil framleis kommunen ha eit handlingsrom gjennom den fondsbalansen kommunen har.

Investeringar og avsetningar

Det er i 2020 lagt inn investeringar i anleggsmidlar på kr 25,57 mill. Dei største tiltaka er fullføring av nytt reinseanlegg på Bygland med integrert brannstasjon, rehabilitering av kloakkreinse- og kloakkpumpestasjonar i kommunen, rehabilitering av høgdebasseng på Byglandsfjord og oppgradering av kjøle- og ventilasjonsanlegg mv. på Byglandsheimen. Utover det er det fleire mindre investeringar. Enkelte av prosjekta er starta i 2019 og blir slutførte i 2020.



2.3 Overordna mål

Slagord: "Med hjarta i Bygland"

Overordna mål: Auke folketalet i Bygland kommune

Ut i frå overordna mål skisserer vedteken Kommuneplan 2011-2022, Kommunestyrevedtak 22.02.11, vegen vidare for å nå dette målet.

Bygland i Noreg:

- Stimulere til å vise toleranse og vere open for andre kulturar, uttrykk og tradisjonar
- Aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit nasjonalt og globalt perspektiv
- Styrke profileringa av Bygland som ein god stad å bu
- Styrke satsinga på barn, ungdom og unge barnefamiljar

Bygland i Agder:

- Styrke busettinga i heile kommunen
- Skape tru på innovasjon og utvikling
- Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- Utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar

Heime i Bygland:

- Skape attraktive miljø i kommunen ved å fremje ei berekraftig utvikling
- Ha eit teneste- og servicetilbod som har særskilt merksemd på dei unge sine behov; slik som symjehall, idrettslag og ungdomsklubb
- Satse på å få ungdommen heim att
- Sørge for god trafikkisikring i bustadområde og langs skuleveg
- Helseteneste med merksemd på behova hos familiar med barn og ungdom

2.4 Regionplan Agder 2030

Fylkestinga i Aust- og Vest-Agder har vedteke at planlegging av felles utfordringar i regionen skal skje gjennom ein felles regionplan som erstattar fylkesplanane. I regionplan 2030 står det mellom anna følgjande:

«Regionplan Agder 2030s hovedmål er å utvikle Agder til en miljømessig, sosialt og økonomisk bærekraftig region i 2030 – et attraktivt lavutslippssamfunn med gode levekår. Dette innebærer å

- *bruke hele Agder, og sørge for at utviklingen kommer alle deler av Agder til gode,*
- *samarbeide om å nå FNs bærekraftsmål på regionalt og lokalt nivå*
- *jobbe kunnskapsbasert og målrettet for å forbedre levekårene gjennom en langsiktig og helhetlig levekårsatsing,*
- *reduere klimagassutslipp på Agder med minst 45 prosent innen 2030.*
- *utnytte mulighetene som digitalisering gir.*

Regionplan Agder 2030 har fem tema som skal være hovedsatsingsområder frem mot 2030:

- *Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter*
- *Verdiskaping og bærekraft*
- *Utdanning og kompetanse*
- *Transport og kommunikasjon*



- Kultur

I tillegg har planen tre gjennomgående perspektiver som samsvarer med de tre dimensjonene av bærekraft i hovedmålet:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplasser
- Levekår, likestilling, inkludering og mangfold
- Klima og miljø

Regionplan Agder 2030 er et overordnet strategisk styringsdokument for hele Agder. Den beskriver de viktigste utfordringene og mulighetene for landsdelen, et ønsket fremtidsbilde for 2030, og hva som skal til for å nå konkrete mål. Planen er grunnlaget for politikkutforming i Agder. Den er retningsgivende for prioritering, samordnet innsats og virkemiddelbruk fra ulike offentlige aktører.»

2.5 Folkehelsearbeid i Bygland kommune

Følgjande avsnitt er henta frå § 4 i folkehelsesloven:

«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidlar kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivarettatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

2.6 Verdier i Bygland kommune

Bygland kommune har følgjande verdier:

- Stolt
- Framsynt
- Løysingsorientert
- Truverdig
- Lojal

2.7 Folketalsutvikling

Historikk

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

Dato	01.01.01	01.07.13	01.07.14	01.07.15	01.07.16	01.07.17	01.07.18	01.07.19
Folketal	1 341	1 202	1 173	1 224	1 211	1 205	1 204	1 190

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser samansetning i folketalet:

	01.01.01	01.07.13	01.07.14	01.07.15	01.07.16	01.07.17	01.07.18	01.07.19
0-5 år:	90	60	52	58	58	65	65	65
6-15 år:	181	151	135	144	135	122	131	125
16-66 år:	844	800	776	796	795	789	773	750
67-79 år:	134	129	144	160	157	166	175	188
80-89 år:	81	45	52	45	51	51	49	50
Over 90 år:	11	17	14	21	15	12	11	12
SUM:	1 341	1 202	1 173	1 224	1 211	1 205	1 204	1 190



Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07. året før. I dette budsjettet har ein lagt til grunn ein prognosemodell frå Telemarksforsking basert på oppdatert folketal per 01.07.19. Dette talet kan avvike frå SSB sine tal.

Ein ser at auken i folketalet som var i 2015 på ny er redusert. Veksten i 2015 var i hovudsak knytt til start av asylmottaket på Bygland. Etter mottaket vart lagt ned, reknar ein med at store delar av nedgangen kan knytast til dette. Ser ein folketalet over tid er kommunen på ny inne i ei negativ utvikling i folketalet. For å illustrere dette har ein tatt inn ei oversikt som viser alderssamansettinga i kommunen 01.01.01 samanlikna med samansettinga i dag. Samla folketal har på 17 år gått ned med 151 innbyggjarar. Dette er ein reduksjon på 12,7 %. Det mest alvorlege i denne oversikta er reduksjonen i aldersgruppa 0-5 år som er redusert med 25, frå 90 til 65 innbyggjarar, og aldersgruppa 6-15 år som er redusert med 56 personar. Dette utgjer ein reduksjon på 44,8 % for denne gruppa over 18,5 år.

Summen av desse endringane i demografien, fører over tid til ein kraftig reduksjon i inntekter (skatt/rammetilskot). I tillegg til dette er kommunen forplikta til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til mellom 60-70 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen.

Utvikling framover

Folketalsutviklinga i Bygland er svært usikker over tid og historiske tal syner ei uheldig utvikling. Som ein ser, er folketalet avhengig av mange faktorar som asylmottak, integrering, inn-/ utflytting, talet på fødde/ døde og tilgang/avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustad- og næringsstomter i kommunen, og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen sett under eit.

3. KOSTRA rekneskapstal frå 2018

3.1 Innleiing

KOSTRA rekneskapstal for 2018 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar. Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske handsaminga.

I desse oppstillingane er nytta tal frå Bygland kommune, Valle kommune og Iveland kommune. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 6 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 6: "Små kommunar med høye bundne kostnader per innbyggjar, høye frie disponible inntekter". Kommunegruppe 6 er det beste samanlikningsgrunnlaget.

I Agder, Telemark og Rogaland inngår følgjande kommunar i Kommunegruppe 6: Valle, Åmli, Fyresdal, Åseral, Kvitsøy og Bygland.

3.2 Finansielle nøkkeltal

Kostra rekneskapstal	Bygland	Åmli	Valle	KG06
KG 06 er kommunegruppe 6	2018	2018	2018	2018
Finansielle nøkkeltall				
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,3	1,4	3	3,6
Årets mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter	1,6	2,3	3,8	1,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	37	30	36	29
Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter	80	96,5	78,7	84,2
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	8,6	49,1	..	30,4
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	77 667	74 954	75 952	77 500

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Ein reknar netto driftsresultat ut frå brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto avdrag samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak, og er i tillegg korrigert for avskrivningar slik at disse ikkje gis resultat effekt. Netto driftsresultat kan anten bli brukt til finansiering av investeringar eller sette dei av til seinare



bruk. Dette vert rekna som det viktigaste resultatmålet for kommunane og bør over tid vere minimum 1,75 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi, November 2014). Kommunens netto driftsresultat for 2018 ligg under det tilrådde nivået. Hovudårsaka til dette er at kommunen hadde ein del planlagde ekstraordinære kostnader på vegvedlikehald i 2018, som vart finansiert av eit vegfond som vart oppretta i starten av 2018. Denne fondsfinansieringa inngår ikkje i nøkkeltalet netto driftsresultat.

Årets mindre/meirforbruk i driftsrekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter

Kommunens mindreforbruk er netto driftsresultat med fråtrekk av interne finanstransaksjonar, som inkluderer bruk av fond, avsetningar til fond og bruk av tidlegare års mindreforbruk. Her vil mellom bruken av vegfondet vere blant dei største årsaka til at kommunen har forholdsvis stor differanse mellom netto driftsresultat og mindreforbruk. At mindreforbruket i prosent av brutto driftsinntekter er 1,6 indikerer at kommunen avslutta driftsrekneskapet i 2018 med eit positivt resultat.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter

Nøkkeltalet viser arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter. Arbeidskapital ekskl. premieavvik definerast som differansen mellom omløpsmidlar ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik, og er et uttrykk for kommunens likviditet. Med likviditet meinast evna til å betale forpliktingane etter kvart som dei forfell. Av talla ovanfor ser ein at kommunen har ein betydeleg betre likviditet enn kva som er gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 6, noko ein og har gitt uttrykk for i kommunens tertialvise finansrapporteringar.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren syner langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av driftsinntektene. Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i forhold til desse. Lån som skal gå til vidare formidling til andre instansar/innbyggjarar, såkalla formidlingsutlån, inngår og i indikatoren. Indikatoren omfattar dermed utlån der mottatte avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapet, i tillegg til innlån som vert ført som avdrag i driftsrekneskapet. Langsiktige lån har normalt lengre løpetid enn eitt år. Tabellen ovanfor viser at Bygland kommune har kontroll på gjeld i høve til brutto driftsinntekter, og kan vise til eit tal som er noko lågare enn gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 6. Kommunens samla lån auka kraftig etter bygging av Idrettshallen, og årlege låneopptak til investering vart vesentleg redusert frå 2016 og utover, samanlikna med låneopptak i 2015. Ein ser dette også igjen i tabellen øvst på neste side, kor det er ein reduksjon i langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter frå 2015 til 2017.

Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter

Denne variabelen viser kor sårbar kommunen er for endringar i rentenivået. Renteesponering på 8,6 vil seie at ei renteoppgang på 1 prosent vil «ete» 0,086 prosent av driftsinntektene. Tala viser at kommunen er betydeleg mindre sårbar for rentesvingingar enn samanliknbare kommunar.

Frie inntekter per innbyggjar

Nøkkeltalet viser kommunens frie inntekter i kroner per innbyggjar. Skatt på inntekt og formue, inkludert naturressursskatt, og rammetilskot definerast som frie inntekter. Her ligg kommunen nesten likt med gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 6.

Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter

Nøkkeltalet viser kommunens brutto investeringar i prosent av brutto driftsinntekter, og seier føljegleget noko om investeringsnivået i kommunen. Nivået på investeringane varierer mykje frå år til år ut frå lokale behov og nasjonale prioriteringar, og dataa er vanskeleg samanliknbare. Likevel kan ein frå desse tala slå fast at kommunen har investert betydeleg mindre i 2018 enn f.eks. i 2015, då dette talet var 28,1. Dette talet er venta å bli noko høgare i både 2019 og 2020.



Utvikling i finansielle nøkkeltal over tid

Bygland – Finansielle nøkkeltall	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4	-2	6	2	5	-2	4	10	3	0
Frie inntekter i kroner per innbygger	54 079	54 970	62 403	66 063	68 249	69 828	69 594	73 336	74 834	77 667
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	202	213	203	201	214	241	253	235	233	239
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter	36	28	29	23	30	36	40	41	44	37
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	55 736	57 986	57 229	56 466	60 578	60 945	81 561	91 949	95 410	94 392

Tabellen syner utviklinga i finansielle nøkkeltal over dei 9 siste åra. Merk at langsiktig gjeld inkluderer premieavvik i denne tabellen, i motsetning til i tabellen lenger oppe. Arbeidskapitalen (variabel for likviditet) gjekk noko ned i 2018 grunna at kommunen hadde store ubrukte lånemidlar frå tidlegare år som vart tatt i bruk, og at det var ein relativt ekspansiv bruk av næringsfondet og andre fond.

3.3 Prioritering

Kostrarekneskapstall	Bygland 2017	Bygland 2018	Åmli 2018	Valle 2018	KG06 2018
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune					
Prioritering					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	152 071	136 950	153 325	214 854	166 672
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger 6-15 år	182 176	191 125	149 153	214 692	178 397
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kr, kommunale helse- og omsorgstenester	43 496	44 640	40 018	49 247	48 153
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	2 178	2 234	3 345	2 846	2 658
Netto driftsutgifter per innbygger 0-22 år, barnevernstjenesten	11 663	8 726	14 879	6 313	12 709
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	7 583	7 211	10 357	10 826	9 360

Tabellen viser Bygland kommune sine netto driftsutgifter per innbygger for utvalte tenesteområder. Her spelar innbyggartalet inn. For Bygland sin del er det færre å fordele kostnadane på og derfor vert ein og sårbar for endringar i folketalet i kommunen. Få personar kan gjere store utslag på kostnadane. Dei geografiske avstandane kan i enkelte samanhengar virke som kostnadsdrivande for kommunen.

Bygland ligg vesentleg lågare enn samanliknbare kommunar når det gjeld driftsutgifter til barnehage, og har i tillegg redusert driftsutgiftene i forhold til 2017. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er noko høgare enn gjennomsnittsnivået i Kommunegruppe 6, og også høgare enn nivået for Åmli kommune, i tillegg til at nivået har auka samanlikna med 2017. Dette kan ein relatere til talet på born i grunnskulen som ein kan fordele kostnadane på. Ein liten endring i elevmassen kan fort gjere store utslag på desse statistikkane. Slår ein saman tala for barnehage og grunnskule ser ein at kommunen har redusert utgiftene med kr 6.000 per innbyggjar frå 2017 til 2018, og ligg om lag kr 10.000 per innbyggjar under gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 6.

Nytt frå og med 2017 er at SSB har slått saman KOSTRA-tala for pleie og omsorg og helse. Netto driftsutgifter til desse tenestene er ein del lågare enn nivået i Kommunegruppe 6. Åmli ligg endå lågare, medan Valle litt høgare enn gjennomsnittet.

Nivået på netto driftsutgifter til sosialtenesta ligg lågare i Bygland kommune enn i Kommunegruppe 6 og dei andre kommunane. Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg vesentleg lågare enn Kommunegruppe 6, litt høgare enn Valle og betydeleg lågare enn Åmli. Dette er knyta opp mot saker innanfor barnevernet, og her kan enkeltsakar gjere store utslag på statistikken.

Netto driftsutgifter til administrasjon har minka litt samanlikna med 2017, og kommunen ligg godt under dei samanliknbare kommunane, samt gjennomsnittet for kommunegruppe 6.



3.4 Dekningsgrad

Kostra rekneskapstal	Bygland 2017	Bygland 2018	Åmli 2018	Valle 2018	KG06 2018
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune					
Dekningsgrad					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,5	85	82,9	97,9	88,8
Andel barn, ex. minoritetsspråklege, som får ekstra ressurser (i %)	2	0	8,6	4,3	3,1
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning (i %)	6,0	8,1	15,2	8,3	10,1
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	21,5	21,8	16,2	29,4	19,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	6,6	6,7	10,8	8,7	13,1
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	91,6
Andel innbyggere 80 år og over som er bebuare på institusjon	14,5	16,4	7,4	21,7	16
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år	4,0	3,4	8,8	2,8	5,9
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	30	30	29	43	39
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,48	0,61	0,7	0,61	..

Bygland kommune har god dekningsgrad i forhold til barn med barnehageplass og låg andel barn som treng ekstra ressursar. Andelen barn som treng spesialundervisning er lågare enn gjennomsnittet for samanliknbare kommunar, men etter ein nedgang frå 2014 til 2016, ser ein no at dette talet har auka dei to siste åra og nærmar seg nivået i 2014 (9,0).

Bygland har saman med Valle ei god legedekning med over 2 årsverk per 1.000 innbyggjar. Derimot ligg kommunen veldig lågt på årsverk til fysioterapi i kommunen.

Innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon er gått noko opp for kommunen. Med lågt tal på innbyggjarar, kan få personar gjere store utslag på statistikken. Per 2018 ligg ein rett over gjennomsnittet for kommunegruppa. Bygland tilbyr alle bebuarene i pleie- og omsorgsinstitusjonar enkeltrom.

Tabellen syner at talet på årsverk i brann- og ulykkesvern per 1000 innbyggjar er lik for Bygland og Valle. Dette er ei lik fordeling av det interkommunale samarbeidet på brann, som også inkluderer kommunane Evje og Hornnes, Iveland og Bykle.

Ut over dette syner ein til tabellen.

3.5 Produktivitet/ einingskostnader

Kostra rekneskapstal	Bygland 2017	Bygland 2018	Åmli 2018	Valle 2018	KG06 2018
KG 06 er kommunegruppe 6 = Bygland kommune					
Produktivitet/enhetskostnader					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	192 020	178 528	222 186	247 213	219 138
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss, per elev	152 020	178 252	156 591	200 137	185 286
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8.-10.årstrinn	10	11	8	9	9
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret+1)	3 000	3 684	6 069	4 269	4 490
Årsgebyr for avløpstenesten (gjeld rapporteringsåret+1)	7 299	8 462	6 670	4 052	4 137
Årsgebyr for avfallstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	3 159	3 159	2 370	3 511	3 268
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	46	12	23	10	19
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for byggesaker med 12 ukers (84 dg) frist (dager)	64	38	48	24	36
Andel av innvilga byggesøknadar som skjer gjennom vedtak om disp. frå plan (%)	40	68	17	3	17
Vedtekne reguleringsplanar	0	1	1	1	1,5
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	56 606	109 857	112 846	154 970	96 512

Tabellen viser produktivitet/ einingskostnader på ulike område.

Ein ser av oversikten at kommunen driv kostnadseffektivt på dei fleste områda samanlikna med kommunegruppa og dei andre to kommunane.



4. ØKONOMISK RAMME 2020-2023

4.1 Kommunen sine driftsinntekter

Driftsinntekter (Tall i 1000 kroner)	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Brukerbetalinger	4 995	5 160	4 925
Andre salgs- og leieinntekter	13 642	12 809	14 663
Overføringer med krav til motytelse	8 642	10 567	16 417
Rammetilskudd	64 065	62 794	61 608
Andre statlige overføringer	2 121	6 119	6 991
Andre overføringer	6 268	5 463	6 064
Inntekts- og formuesskatt	28 370	27 011	27 381
Eiendomsskatt	9 100	8 395	7 957
Andre direkte og indirekte skatter	6 600	6 300	6 164
Sum driftsinntekter	143 803	144 618	152 170

Generelt

Nedgangen i driftsinntektene frå opphavleg budsjett 2019 til 2020 er nominelt på 0,5 %. Hovudårsaka til nedgangen er at samla integreringstilskot er venta å bli redusert med kr 3.727.000 samanlikna med budsjettert tal for 2019. Denne nedgangen fører til at kommunen for første gong må saldere flyktningbudsjettet ved å bruke av flyktningefondet. Ser ein bort i frå nedgangen i integreringstilskot er veksten i driftsinntektene på 2,01 %. Med ein forventa løns- og prisvekst på 3,10 % gir dette ein netto negativ realvekst på 1,09 %.

I budsjettet for 2020 er det nytta netto driftsrammer for kvar eining. Endelege inntekter frå drifta vil framkomme når detaljbudsjettet for kvart år i økonomiplanen er ferdigstilt. I budsjettet no, er dei einkilde einingane sine inntekter frå 2020 vidareført ut perioden, med unntak av VARF-området kor inntekta vil variere avhengig av om det er ordinær slamtømming eller ikkje.

Sal av konsesjonskraft ligg under andre overføringar i tabellen ovanfor. Driftsinntektene frå 2020 til 2023 er korrigert for 2019-prognosane for sal av konsesjonskraft i økonomiplanperioden.

Skatt på inntekt og formue vil variere i takt med det kommunale skatteøyre og talet på innbyggjarar. Talet på innbyggjarar har også verknad på det ordinære rammetilskotet, saman med dei sentrale politiske retningslinene.

Andre statlege overføringar vert redusert primært på grunn av at integreringstilskotet vert redusert med om lag 3,7 millionar.

Renteinntekter og utbytte vil variere i takt med rentemarknaden i landet, samt overskot til utdeling frå Agder Energi.

Avgifter og betalingsattsar

I budsjettet for 2020 er det framlegg om å auke dei kommunale avgiftene med 2,1 % i gjennomsnitt.

Vassavgiftene vert auka med 3,1 % i 2020. Det same gjeld tilkoplingsavgift for vatn.

Kloakkavgiftene vert auka med 4,0 % i 2020. Det same gjeld tilkoplingsavgift for kloakk.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Det er ordinær slamtømming i 2020. Avgifta vert sett til same nivå som i 2019 sidan kommunen har eit slamfond på kr 241.000.

Renovasjonsavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Avgiftsnivået vert ikkje endra samanlikna med 2019. Grunngevinga for dette er at kommunen har eit renovasjonsfond (akkumulert overskot) på om lag kr 917.000.



Feieavgifta vert heller ikkje endra. Dette arbeidet vert utført av Setesdal Brannvesen IKS, og avgiftene går til å dekke kostnader til feiearbeidet og brannsyn. Kommunen har eit fond på dette området på om lag 93.000.

Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til gebyrregulativet for 2020.

Skatt på formue og inntekt

Kommunen sine budsjetterte inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra:

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
26 799 000	24 589 000	26 006 000	26 937 000	27 504 000	27 336 000	28 700 000	26 394 000	27 011 000	27 011 000	28 370 000

Prognosane ein har valt å basere budsjettert skatteanslag på i 2018 (og etter alt og døme 2019), har vist seg å vere litt låge, og ein har i desse tilfella og valt eit meir forsiktig anslag enn kva KS sin prognosemodell har lagt til grunn. Ein vel difor å auke opp anslaget for 2020 noko og legg til grunn anslaget som er lagt til grunn i statsbudsjettet (berekningsteknisk dokumentasjon – «grønt hefte»).

Naturressursskatten på kr 3.700.000 er teken ut frå denne tabellen med verknad frå 2017.

Skatteinngangen i 2020:

For 2020 er det budsjettert med ein skatteinngang på kr. 28.370.000. Ein stor del av skatteinngangen (i underkant av 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk.

Skatteanslaget for 2020:

Skatteanslaget viser ei auke på kr 1.359.000. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

Det kommunale skattøyre for 2020 er føreslegen til 11,10.

Eigedomsskatt

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det fyrst og fremst to forhold ein må ta omsyn til:

- Endringar av regelverket.
- Endringar av skattegrunnlaget.

Kommunestyret vedtek at ein skal skrive ut eigedomsskatt for året 2020 jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 2. Kommunestyret vedtek og kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2020 jf. esktl. § 10. Frå og med 2019 vart det endringar i eigedomsskattelova. § 3 lyder no slik:

«Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- d) berre på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.»

For eigedomsskatteåret 2020 skal ein skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. esktl. § 3 fyste ledd bokstav c. Kommunen skriv og ut eigedomsskatt på bygg og eigedom knytte til det som var definert som verk og bruk i den gamle eigedomsskattelova. Når det gjeld produksjonsutstyr og -installasjonar på tidligare verk og bruk,



vert det skrive ut eigedomsskatt på 7 promille av 5/7 av taksten for 2020, jf. overgangsregelen til den nye eigedomsskattelova.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.

Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal betalast i to terminar per år, jf. esktl §25.

I budsjettet for 2020 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein årleg samla eigedomsskatt på kr 9.100.000 som er ei auke på kr 1.255.000 i forhold til 2019. Høgare kraftpriser er den mest vesentlege grunnen til auka, men det nye kraftverket i Søråni bidreg og med ei auke på om lag ein halv million.

Maksgrensa for fastsetjing av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2020. Kapitaliseringsrenta er føreslegen til å vere uendra på 4,5 % også i 2020.

Det er ikkje framlegg om å innføre generell eigedomsskatt på hus og hytter i økonomiplanperioden.

For økonomiplanperioden legg ein til grunn følgjande eigedomsskatteinntekter:

2020	2021	2022	2023
9 100	9 100	9 100	9 100

Statlege rammeoverføringer

Det statlege rammetilskotet for 2020 er fastsett på bakgrunn av framlegg frå Solberg-regjeringa. Tilskotet inneheld følgjande hovudkomponentar:

	2019	2020	Endring
Innbyggjartilskot:	29 750 000	29 849 000	99 000
Utgiftsutjamning:	22 022 000	22 233 000	211 000
Korreksjonsordninga for elevar i statlege/private skular		732 000	732 000
Overgangsordningar - INGAR:	-64 000	-64 000	0
Distriktstilskot:	5 698 000	5 875 000	177 000
Særskilt fordeling:	530 000	812 000	282 000
Ordinært skjønn:	470 000	260 000	-210 000
Komp. nye folketal	0	0	0
Netto inntektsutjamning:	4 388 000	4 368 000	-20 000
Bykjetrekk			0
Selskapsskatt			0
Sum ramme tilskot:	62 794 000	64 065 000	1 271 000

Forventa rammetilskot vil nominelt auke med kr 1.271.000 samanlikna med anslaget for 2019.

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart innført att frå 2007. Arbeidsgjevaravgifta er på 10,6 % i 2020.

Kommunen får kr 260.000 i skjønnsmidlar i 2020. Det er Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder som fordelar desse midlane. Det er ein reduksjon på kr 210.000 frå året før.

Frie inntekter

Frå og med 2000 vart det innført eit system med løypande inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. I motsett fall ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen vert utjamna kontinuerleg gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2020 utgjer dette tilskotet kr 4.368.000.



I rammetilskotet ligg og et tilskot til særskild fordeling på kr 812.000. Dette er nettoeffekten av saker til særskilt fordeling. Det vil seie at kommunen blir trekt i rammetilskotet for endringar innan finansiering av ulike tenester som anten staten finansierer direkte eller som staten meiner kommunen ikkje lenger har utgifter på. Likeins blir rammetilskotet styrkt med midlar til saker som anten kommunen sjølv skal finansiere eller ekstra tiltak som staten ynskjer å sette på dagsorden, utan at dei gir øyremerkte tilskot til dei ulike tiltaka. Tilskot til særskilt fordeling er å rekne som ein del av kommunen sine frie inntekter. For Bygland kommune inngår tilskot til helsestasjon og frivilligsentralar i særskilt fordeling.

Frie inntekter – prognose for perioden 2020-2023:

Det som har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Denne bygger m.a. på følgjande føresetnader:

- Dagens inntektssystem og oppgåvefordeling gjeld.
- Innbyggartalet i kommunen per 01.07.xx er satt til 1190 for heile perioden, med same fordeling mellom dei ulike aldersgruppene.
- Skjønnsmidlane frå fylkesmannen er sett til nivået for 2020 (kr 260.000).

For økonomiplanperioden har ein følgjande prognose for årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

	2020	2021	2022	2023
Skatt på formue og inntekt:	28 370	28 370	28 370	28 370
Rammetilskudd:	64 065	64 065	64 065	64 065
Sum frie inntekter:	92 435	92 435	92 435	92 435

Merk at desse anslaga er veldig usikre, spesielt frå 2021 til 2023.

Andre statlege overføringer

I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerkte tilskota, som er førte under resultateiningane i driftsbudsjettet, mottek kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerkte.

Kompensasjonstilskot – pleie- og omsorgssektoren

I samband med eldresatsinga, som vart vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten. Det er lagt inn eit anslag for 2020 på kr 230.000,-

Momskompensasjonsordninga

Det vart frå og med 1995 innført ei momskompensasjonsordning for å dempe konkurransevridinga mellom offentleg og privat produksjon innanfor visse bransjar, m.a. bygg og anlegg. Kompensasjonen vart inntektsført året etter at investeringa var gjennomført.

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Den nye ordninga går ut på at kommunane får refundert all moms som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje-avgiftspliktig verksemd. Refusjonen skal utbetalast og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

Ifølgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølve. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarande beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir.

Frå 2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget er på kr 3.500.000 i driftsbudsjettet, og kr 1.418.000 i investeringsbudsjettet i 2020.



I driftsbudsjettet er følgjande kompensasjon utrekna (tal i heile 1000 kr):

2020	2021	2022	2023
3 500	3 500	3 500	3 500

Anslaga er basert på faktiske rekneskapstal per oktober 2019 og er relativt usikre for heile økonomiplanperioden.

Integreringstilskot – flykningar

Kommunen får i ein 5-års periode ein fast sum for kvar flykting som busett seg i kommunen. Kommunen har tidlegare satt av pengar til eit fond som skal dekke kostnader knytt mot dette området etter at tilskota er redusert. Det vart i 2014 tilsett flyktingkonsulent i kommunen. Integreringstilskota utgjer kr 1.791.000 i 2020.

Konsesjonskraftinntekter

Den konsesjonskrafta Bygland kommune, som utbyggingskommune, har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konsesjonskraftfondet IKS.

For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

2020	2021	2022	2023
6 268	6 268	6 268	6 268

Det er grunn til å merke seg at inntektene utover i økonomiplanperioden er svært usikre jo lenger ut i perioden ein ser.

Inntekter frå Agder Energi AS

Kommunen fekk i 2019 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 6.576.000. Dette er ut frå ein eigardel på 1,111 % (utbytte frå overskot i 2017 som vart utbetalt i 2019).

Det vart i 2018 vedteke at Agder Energi skulle behalde meir av overskotet i selskapet til framtidige investeringar. Som ein følge av dette vert det vedteke ein ny utbyttmodell til eigarane. Den vedtekte utbyttmodellen får verknad frå 2019.

I den nye utbyttmodellen er rettleiande utbytteprosent sett til 70 %. Etter den gamle modellen vart utbytte fordelt etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 400 mill. + 60 % av overskytande.

Etter ei vurdering av opplysningane på eigarmøte har kommunen budsjettert med at grunnlaget for berekning av utbytte til utbetaling i 2020 vil vere 874 mill. Dette tilseier ei utbetaling i 2020 på kr 6.797.000 etter den nye modellen. Etter den gamle utbyttmodellen ville kommunen fått utbetalt kr 7.604.000.

Det er grunn til å merke seg at det er stor uvisse knytt til inntektsanslaget for perioden 2020-2023, som også er basert på eit utbytte på kr 874 mill.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primærkommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten er skilt ut frå dei ordinære skatteinntektene og ligg som ein eiga inntekt under linje 4 i budsjettskjemaet «bevillingsoversikt drift». Denne er estimert til kr 3.700.000 for 2020 og ut økonomiplanperioden.



4.2 Kommunen sine driftsutgifter

Nedanfor har ein sett opp den enkelte resultateneining sin netto del av totalramma, (tal i heile 1000 kr):

	2020	%	2 021	%	2 022	%	2 023	%
Politisk styring	1 790	1,6	1 890	1,7	1 790	1,6	1 990	1,8
Sentraladm. og fellesutgifter	14 540	13,1	14 540	13,2	14 540	13,2	14 540	13,2
Kultur	1 634	1,5	1 634	1,5	1 634	1,5	1 634	1,5
Bygland oppvekstsenter	19 165	17,3	19 165	17,4	19 165	17,4	19 165	17,4
Byglandsfjord oppvekstsenter	12 339	11,2	12 339	11,2	12 339	11,2	12 339	11,2
Helse	9 612	8,7	9 612	8,7	9 612	8,7	9 612	8,7
NAV	-	0,0	-	0,0	-	0,0	-	0,0
Pleie og omsorg	33 136	30,0	33 136	30,0	33 136	30,1	33 136	30,1
Drift og forvaltning ekskl. VARF	13 770	12,4	13 320	12,1	13 320	12,1	13 320	12,1
Drift og forvaltning- VARF	801	0,7	801	0,7	801	0,7	801	0,7
Større prosjekter	1 635	1,5	1 635	1,5	1 435	1,3	1 235	1,1
Eksterne samarbeid	14 540	13,1	14 540	13,2	14 540	13,2	14 540	13,2
Andre sentrale inntekter og kostnader	-12 342	-11,2	-12 342	-11,2	-12 342	-11,2	-12 342	-11,2
Sum driftsutgifter	110 620	100,0	110 270	100,0	109 970	100,0	109 970	100,0

Merk at oversikta er inklusiv fondsdisponeringar per eining.

Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ein gjennomsnittleg prisauke og kostnadsauke («deflator») frå 2019 til 2020 på 3,1 %. Årslønnsveksten i 2020 er sett til 3,6 % basert på anslag frå SSB.

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. For å dekke lønsauke i løpet av 2020 er det lagt inn ein reserve på kr 2.300.000. Dersom denne ramma vert for lita, må det resterande dekkast inn av resultateneingane. Dette er basert på ein lønsauke på 3,6 % der overhenget for kapittel 4 er budsjettert på eininga. Derfor trekker ein ut overhenget på ca. 1,3 %. Avsetninga er basert på ca. 2,3 % av samla lønskostnader.

For meir utfyllande kommentarar om det overordna personalområdet, viser ein til avsnitt 6.3.

Pensjonsutgifter

Kommunesektoren har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane for tidlegare inntektsført premieavvik. Det er estimert eit høgt premieavvik også i 2020. Sett mot amortiseringskostnadane, vert det ein nettoinntekt i 2020.

Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2019. er berekna til om lag kr 120 millionar, der startlån utgjør ca. kr 7,7 mill. Renteekspontert gjeld utgjør ca. kr 80.000.000 av det totale gjeldsbiletet.

Med unntak av 2017 og 2018, har kommunen si lånegjeld auka over dei siste åra. I 2019 er gjelda og venta å auke igjen, og den same tendensen reknar ein med blir tilfelle i 2020. Tabellen viser netto lånegjeld pr. innbyggjar og langsiktig gjeld i % av driftsinntektene (KOSTRA-tal for 2018):

Kostrarekneskapstal	Bygland	Åmli	Valle	KG06
KG 06 er kommunegruppe 6	2018	2018	2018	2018
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	80	96,5	78,7	89

Talet ovanfor tek utgangspunkt i langsiktig gjeld eksklusive skuldig pensjonsforplikting.



Med verknad frå 2013 er det framlegg om å redusere avdraga til minimumsavdrag jamfør Kommuneleva § 14-18. Den nye kommunelova slår fast at kommunane må bruke forenkla metode for berekning av minimumsavdraget. For mange kommunar vil dette få store økonomiske konsekvensar, men sidan Bygland kommune allereie brukar forenkla metode, vil ikkje kommunen bli påverka av desse endringane.

Kommunen sine avdragsutgifter i 2020 er budsjettert til kr 5.275.000. Det er budsjettert med 2,3 % rente i resten av økonomiplanperioden. Det er budsjettert med kr 2.800.000 i renteutgifter for 2020. I økonomiplanperioden er det lagt opp til følgjande driftsutgifter:

	2019	2020	2021	2022	2023
Renteutgifter - ordinære lån	2 500 000	2 800 000	3 400 000	3 400 000	3 400 000
Avdragsutgifter - ordinære lån	4 900 000	5 275 000	6 100 000	6 100 000	6 100 000
Sum	7 400 000	8 075 000	9 500 000	9 500 000	9 500 000

Spesielt anslaga for 2021 til 2023 er veldig usikre, men også anslaget for 2020 er langt frå sikkert. Det er lagt opp til ordinært finansieringsbehov via lånemidlar til investering på 23,85 mill. i 2020. Investeringane blir finansierte med eventuelle unytta lånemidlar frå 2019 kombinert med nytt låneopptak. Ein del av prosjekta er vidareføringar frå 2019 og låna er teke opp i 2019 for å finansiere desse. Det vil korrigere årets låneopptak og ein kjem tilbake til spesifikt låneopptak for 2020 til 1. tertialrapport 2020. Det er ikkje budsjettert med opptak av startlån for 2020 og ut økonomiplanen. Utgifter til renter og avdrag på kr 8.075.000 er lagt inn i budsjettet.

Finansiering av investeringar

Finansieringa av investeringar i 2020 vert dekkja av ubrukte lånemidlar frå 2019 kombinert med nytt låneopptak i 2020.

Ubundne investeringsfond

Kommunen har i dag kr 608.395 i ubundne investeringsfond. Dette fondet vert nytta til dei kostnadane i investering som ikkje kan lånefinansierast.

Konsesjonsavgifter og næringsfond

Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 2.900.000. 01.01.2019 var det innestående kr 2.565.000 på næringsfondet. Ut over dette har kommunen Byglandsfjordfondet på kr 17.165.000 der ein ikkje kan nytte grunnkapitalen på kr 15.250.000. Avkastninga på Byglandsfjordfondet er estimert til kr 400.000 for 2020, som vil seie at total avkastning frå næringsfonda er på kr 3.300.000 (konsesjonsavgifter og renteavkastning).

Status i Byglandsfjordfondet:

Estimert saldo pr. 1.1.20	16.770.000
Grunnkapital	-15.250.000
Disponibel kapital	1.520.000

Dette er estimert saldo, inkludert forventna avkastning for 2019. Det er i 2019 budsjettert med ei renteavkastning på kr 400.000 som vert ført til disponibel saldo ved slutten av året. I 2020 budsjetterer ein med same renteavkastning som i 2019.



Næringsfond 2020:

Bruk næringsfond 2020	
Tilskot til Setesdal Regionråd	1 300 000
Tilskot til turistinformasjon	60 000
Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	30 000
Villreinprosjekt Setesdal Austhei	15 000
Rypeprosjekt SVR	15 000
Tilskot til Bygland Sikringsradiolog (avtale om drifting)	5 000
Setesdal Vekst	500 000
Jordbrukstilskot (anslag etter gjeldande regelverk)	500 000
Utvikling Prestneset - Næring/bolig	100 000
Næringstilskudd	200 000
Fiberprosjekt	300 000
Reguleringsplan Ose	250 000
Annen kommunal planlegging	200 000
Næringsutvikling - (Andel lønn)	230 000
Sum:	3 705 000

Næringsfremmande tiltak:

Kommunen har ein næringskonsulent som har arbeidd med næringsutvikling saman resten av næringsgruppa. Det er budsjettert med bruk av kr 230.000 av næringsfondet til løn til næringskonsulent (om lag 30 % stilling). I tillegg er det sett av kr 200 000 til administrative næringstilskot for 2020. Næringsprosjektet Setesdal Vekst er lagt inn med kr 500.000.

Landbruk og viltforvaltning:

- Tilskotet til landbruket, medrekna mjølkekvotar, er kr 500.000 i 2020. Det er egne retningslinjer for tildeling av dette tilskotet. Denne tilskotsordninga varar ut 2020.
- Det er også i 2020 budsjettert med kr 30 000 som tilskott til Norsk Landbruksrådgjeving.
- I regi av SVR er Bygland kommune beden om å bidrage med kr 15 000,- til eit rypeprosjekt som skal gå over 3 år.
- I regi av villreinforvaltninga er Bygland kommune med i eit fireårig villreinprosjekt som starta opp i 2018, og skal vare fram til 2022. Årlig løyving i perioden er kr 15 000,-
- Jf. tidligare år er det føreslått å setje av kr 5 000 som tilskott til Bygland sikringsradiolog.

Infrastrukturelle tiltak og planarbeid:

Det ligg inne kr 300.000 til utbygging av fiber i Bygland kommune. Under anna kommunal planlegging er ras- og flaumsikringsprosjektet lagt inn som eit infrastrukturprosjekt. Sentrumsutvikling på Bygland ligg og under anna kommunal planlegging. Vidareutvikling av prosjektet på Presteneset ligg inne med kr 100.000.

Arbeidet med reguleringsplan for Ose bygdesenter avklara i 2019 større utgifter til planarbeidet enn budsjettert. For å vere sikker på å få fullført ein god plan, er det ynskjeleg å budsjettere med ytterligere kr 250 000. Planen er viktig med tanke på ny Ose bru i framtida. Aust-Agder fylkeskommune har lagt inn ny bru på Ose i sin investeringsplan. Prosjektet er ikkje fullfinansiert og kommunen vil bli utfordra om å gå inn i prosjektet med ein kommunal eigenandel. Dette vil ein kome tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Generelt:

Det er budsjettert med å nytte 0,8 mill. av avkastninga på Byglandsfjordfondet. Dette går til reduksjon av bruken av det ordinære næringsfondet og ligg inne i den totale bruken. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å fordele kostnader mellom det ordinære næringsfondet og avkastninga frå Byglandsfjordfondet.



Det er semje mellom alle deltakarkommunane i Setesdal Regionråd. Storleiken på det kommunale tilskotet vert vidareført med kr 1,3 mill.

Næringsfond 2020-2023:

Det vert budsjettert med følgjande bruk og avkastning på næringsfondet i økonomiplanperioden:

	2020	2021	2022	2023
Avkastning	-3 300	-3 300	-3 300	-3 300
Bruk av næringsfond	3 705	3 200	3 200	3 200
Netto bruk (+) eller avsetning (-)	405	-100	-100	-100

Ekspansiv bruk av næringsfondet dei siste åra har tæra på den frie kapitalen. Difor foreslår ein å redusere bruken av næringsfondet frå og med 2021 til eit nivå som er under avkastningsnivået.

Disposisjonsfond – drift

Kommunen hadde per 01.01.2019 kr 12.234.000 på ordinært disposisjonsfond.

Av mindreforbruket for 2018 vart kr 1.075.000 sett av til disposisjonsfond. I byrjinga av 2017 var det bestemt å sette av kr 5.000.000 av mindreforbruket i 2016 til eit premiefond som skal handtere den aukande amortiseringa av premieavvik. Resten av mindreforbruket for 2016 vart sett inn på disposisjonsfondet. 31.12.19 er det venta at ordinært disposisjonsfond vil utgjere om lag kr 8,5 millionar, om ein legg budsjettert bruk til grunn. Etter siste budsjettjustering for 2019 reknar ein med at dette talet vil vere noko høgare, men det har vore mange ekstraordinære kostnader i 2019 som tilseier at rekneskapet mest sannsynleg må salderast med noe bruk av fond.

Av disponible fond har kommunen i tillegg eit bygdebokfond på 3,1 mill., DFV-fondet på 1 mill., rentefond på 1 mill., flyktningefond på 12,6 mill. og eit fond på 1,9 mill. som gjeld norskopplæring for flyktningar på Bygland oppvekstsenter.



Driftsbudsjett 2020-2023

I økonomiplanen er utviklinga som følgjer:

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomi-plan 2020	Økonomi-plan 2021	Økonomi-plan 2022	Økonomi-plan 2023
Generelle driftsinntekter						
Rammetilskot	-61 608	-62 794	-64 065	-64 065	-64 065	-64 065
Inntekts- og formuesskatt	-27 381	-27 011	-28 370	-28 370	-28 370	-28 370
Eigedomsskatt	-7 957	-7 845	-9 100	-9 100	-9 100	-9 100
Andre generelle driftsinntekter	-6 436	-6 600	-6 830	-6 830	-6 830	-6 830
Sum generelle driftsinntekter	-103 381	-104 250	-108 365	-108 365	-108 365	-108 365
Netto driftsutgifter						
Sum bevilningar drift, netto	105 755	108 713	113 626	112 781	112 481	112 541
Avskrivningar	7 522	0	0	0	0	0
Sum netto driftsutgifter	113 277	108 713	113 626	112 781	112 481	112 541
Brutto driftsresultat	9 897	4 463	5 261	4 416	4 116	4 176
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-1 436	-1 200	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Utbytter	-6 898	-6 572	-6 797	-6 797	-6 797	-6 797
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	2 078	2 750	3 050	3 650	3 650	3 650
Avdrag på lån	4 602	4 900	5 275	6 100	6 100	6 100
Netto finansutgifter	-1 655	-122	128	1 553	1 553	1 553
Motpost avskrivningar	-7 522	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	719	4 341	5 389	5 969	5 669	5 729
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 119	-639	-1 154	-649	-649	-649
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-675	-3 703	-4 235	-5 320	-5 020	-5 080
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-1	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 795	-4 341	-5 389	-5 969	-5 669	-5 729
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk).	-1 076	0	0	0	0	0

Kommentarar:

2019-budsjettet som ligg inne i oversikten over, er opphavelig budsjett som vart endra gjennom året 2019. For 2020 er inntekta auka. Dette er ei nominell auke sett mot 2019-tal. Auken i driftskostnadane er på 2,8 %, som er under deflatorveksten på 3,1 %. Veksten i driftskostnadane vil bli omtala i større grad i del 5. Av tabellen over, ser ein at inntektssida ligg litt over deflatorvekst, primært på grunn av auka kraftinntekter og eit litt forsiktig skatteanslag i opphavleg budsjett for 2019.

Den ordinære drifta i 2020 er lagt opp med eit 0-resultat, med bruk av disposisjonsfond på kr 1.978.000. Utover i økonomiplanen ser ein at kommunen vil få utfordringar med å leggje fram budsjett i balanse utan bruk av disposisjonsfond. Primærårsaken til dette er at ein ser ein heilårsverknad på rente- og avdragsida knytt til finansiering av dei store investeringane som blir ferdigstilt i 2020, og som får full effekt i rekneskapen frå og med 2021. Desse er berekna til å gå opp med om lag kr 2 mill. Her må ein likevel merke seg at dette er basert på særskilte usikre anslag.



5. INVESTERINGSBUDSJETTET

5.1 Hovudoversikt investeringar 2020

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2020 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 27.270.000.

Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneheld følgjande (Tal i 1000):

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Investeringsutgifter			
Investeringar i varige driftsmidlar	25 570	41 435	6 857
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	600	600	603
Utlån av egne midlar	0	300	1 600
Avdrag på lån	0	800	3 004
Sum investeringsutgifter	26 170	43 135	12 064
Investeringsinntekter			
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 418	-1 075	-689
Tilskot frå andre	0	-4 000	-3 684
Sal av varige driftsmidlar	-300	-300	-764
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	-800	-1 052
Bruk av lån	-23 852	-36 360	-5 880
Sum investeringsinntekter	-25 570	-42 535	-12 069
Vidareutlån			
Vidareutlån	300	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-300	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	800	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-800	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar			
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	548
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-600	-600	-543
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-600	-600	5
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)			
Inntekter til fordeling	0	0	0
Utgifter til fordeling	26 170	42 335	9 060
Sum til fordeling (netto)	26 170	42 335	9 060



5.2 Investeringar i anleggsmidlar for budsjettet 2020

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2020 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 27.270.000. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 25.570.000.

Investeringsbudsjettet for anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar (*Tal i 1000*):

Nr.	Investeringar	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
804	Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	101
817	Kjøp av tomteareal	500	500	566
559	Kloakkrenseanlegg Bygland	19 000	30 000	366
828	Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel	150	150	84
563	Rehabilitering av kloakkrense-/pumpestasjoner i kommunen	1 000	1 000	822
848	Kjøle- og ventilasjonsanlegg Byglandsheimen	600	550	
885	Ny sandfeiemaskin	200		
878	Framtidig bruk av stasjonsområdet (prosjektering)	100	100	
877	Framtidig bruk av Heradshuset (prosjektering)	100	1 000	
603	Prosjektering Lys-/turløype Byglandsfjord	200	200	
806	Bustadområde Austad	430	430	
881	Nye plenklypparar	320		
567	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	1 500		
752	Utbygging av gateljos Grendi og Bygland	300		
569	Nytt luftesystem og blåsemaskinar Byglandsfjord RA	500		
875	Brannsikring Ose sentrum	220		
568	Nytt UV-anlegg Åraksbø	200		
869	Ombygging av gammel gymsal til aula Bygland skule		1 500	596
1049	Byglandsfjord legekontor - Innredning 2017		150	455
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter		800	2 054
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter		1 000	15
560	Reinseanlegg Austadneset		2 800	115
565	Forprosjekt saneringsplan og VA-prosjekt - Prestli		160	
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen		225	
880	Innkjøp av varebil		482	
879	Innkjøp av minigraver		400	
876	Oppgradering av inventar kommunehuset		250	
557	Overvakingssystem kloakkpumpestasjonane		240	
566	Etablere/utvide søppelplass Nesmoen		250	
841	Prosjekteringskostnad- Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi		430	
873	Innkjøp av ny traktor			1 463
874	SD styring Årdalshallen			198
860	Flyktningebustad 2 - Rindane			10
866	Ambulansestasjon Bygland			7
867	Ambulansestasjon Bygland - del heimesjukepleien			3
	Sum investeringar	25 570	42 867	6 855

Merk at tala for budsjett 2019 er basert på tala per 1. tertialrapportering sidan 2. tertialrapport ikkje er vedteke i skrivande stund. Det er lagt opp til fleire budsjettjusteringar i 2019 som ikkje kommer fram her. For eksempel vil ein foreslå å redusere ramma for prosjekt reinseanlegg Bygland til kr 11.000.000 slik at den totale ramma vert kr 30.000.000, som opphavleg planlagt.

I tillegg til prosjekta nemnt ovanfor, vil ein i 2020 og halde fokus på å fullføre prosjekt som er starta opp i 2019. For nokre av desse prosjekta vil det vere usikkert kor stor del av kostnadane som blir i 2019 kontra 2020, så ein vil difor i 1. tertialrapport 2020 kome tilbake til finansieringsbehovet for desse prosjekta.



Tiltak som ligg inne i økonomiplanen frå før:

Kartverk – Geovekstprosjektet

Blir nytta i ein samarbeidsavtale alle kommunar har med Statens kartverk om oppgradering og tilrettelegging av kartdata for offentleg og allmenn bruk. Forbruket varierer frå år til år.

Kjøp av tomteareal

Desse midlane er lagt inn for å ha handlingsrom for arealkjøp dersom behov oppstår gjennom året. Eventuelt sal av kommunale bustadhus i Prestlidi vil kunne gi behov for frikjøp av festetomtene fleire av desse står på i forkant av salet.

Kloakkreinseanlegg på Bygland

Reinseanlegget skal etter planen stå ferdig hausten 2020. Det er også planlagt å integrere brannstasjon, fasilitetar til Sivilforsvaret og kontor- og pauserom til kommunens uteseksjon i det same bygget. Dette er eit stort prosjekt som tek mykje mannskapsressursar i høve byggjeleing, koordinering og oppfølging.

IFK-plan

Det er sett av kr 150.000 til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen. IFK-planen vert handsama i kommunestyret som eiga sak. Desse investeringane vert delvis finansiert av tippe-midlar.

Rehabilitering av kloakkpumpestasjonar

Bygland kommune har 6 stasjonar. Dei er modne for modernisering ut frå alder. Miljøet i desse er krevjande for dei tekniske og mekaniske løysingane. Planen er å rehabiliterer pumpestasjonen på Ose i 2020. Pumpestasjonane på Bygland og Byglandsfjord er rehabiliterte i 2018 og 2019. Resterande anlegg skal etter økonomiplanperioden vere ferdig i 2021.

Kjøle- og ventilasjonsanlegg Byglandsheimen

Tiltaket gjeld m.a. å skifte ut eit aggregat grunna alder. Her vil skje litt meir detaljprosjektering i samråd med brukarane før arbeidet blir sett i verk. Utvendig solskjerming kan også bli ein del av prosjektet.

Ny sandfeiemaskin

Kommunen sin sandfeiemaskin er 10 år og moden for utskifting.

Framtidig bruk av stasjonsområdet – prosjektering

Stasjonsområdet på Byglandsfjord har eit behov for rehabilitering. Der er sett av midlar til eit forprosjekt som skal kartleggje behovet nærare.

Framtidig bruk av heradshuset – prosjektering

Ein legg inn kostnader til eit prosjekt for å finne ut kva bygget kan nyttast til og kva som må gjerast for at bygget skal tilfredsstillte tekniske krav til mogleg bruk.

Turløype på Byglandsfjord

Turløypa ligg inne i IFK-planen på prioritert liste. Arbeidet med turløypa vart begynt på i 2019 og vil fortsetje i 2020.

Bustadområde Austad

Grunna konkurs hjå utførande entreprenør så stoppa dette tiltaket opp i 2017. Her er også ein uavklåra situasjon i høve kapasitet på straumtilførsel. Dagens tilførselslinje har for låg kapasitet, og Bygland kommune er av den oppfatning at kostnadane med å oppgradere tilførselen er nettselskapet sitt ansvar.

Nye tiltak i 2020:

Brannsikring i Ose sentrum

For å tilfredsstillte brannsikringskrav i sentrum med trehus har ein ROS-rapport konkludert med at montering av varmesøkjande kamera og kopling mot 110-sentralen gir tilfredsstillande sikring.



2 stk. nye plenklypparar inkludert 1 stk. robotklyppar

Plenklypparar innkjøpt i 2012 er prega av mykje bruk. Aukande reparasjonskostnadar siste året tilsei utskifting. For utvalde plenar på Byglandsheimen ser ein også føre at robotklyppar kan gjere ein kostnadseffektiv jobb.

Rehabilitere høgdebassenget på Byglandsfjord

Gjennom 2019 er det utført farekartleggingsarbeid for vassverksforsyninga på Byglandsfjord etter krav i relativt ny drikkevassføresegn. Eit viktig punkt er å ha tilhøva omkring høgdebassenga optimale. For å ivareta drikkevasskvaliteten på sikt er det viktig å få utbetra høgdebassenget.

Nytt UV-anlegg Åraksbø vassverk

Høge fargetal på drikkevandet i Åraksbø tilseier utskifting av eit eldre UV-anlegg.

Nytt luftesystem og blåsemaskinar på Byglandsfjord reinseanlegg

Tida inne for å modernisere for å sikre optimal drift. Nedgravne utvendige tankar krev modernisering for optimal drift.

Gateljos

Det er ønskjeleg å halde fram med å skifte ut gammal gateljosarmatur med ny LED-teknologi, og skifte ut ljostolpar der det er behov. LED-ljos reduserer straumkostnadane per ljospunkt med om lag 70 prosent.

Pågåande prosjekt med usikker kostnadsramme i 2020:

Uteareal på Bygland oppvekstsenter

I 2018 var det fokus på oppgradering av skuleplassen tilhøyrande sjølve skulen. I 2019 starta arbeidet med å utbetre utearealet til barnehagen. Sidan prosjektet gjeng over to år er det usikkert kor stor del som blir kostnadsført i 2020. Ein vil difor kome tilbake til finansieringsbehovet i 1. tertialrapport 2020. Total ramme for prosjektet er kr 800.000, jf. økonomiplan for 2019-2022.

Uteareal på Byglandsfjord oppvekstsenter

Jamfør vedteken økonomiplan starta det opp arbeid med å utbetre uteareala til skule og barnehage på Byglandsfjord i 2019. Arbeidet er i god gang, men grunna vintersesongen må arbeidet bli slutført i 2020. Sidan prosjektet gjeng over to år er det usikkert kor stor del som blir kostnadsført i 2020. Ein vil difor kome tilbake til finansieringsbehovet i 1. tertialrapport 2020. Total ramme for prosjektet er kr 1.000.000, jf. økonomiplan for 2019-2022.



5.3 Finansiering av investeringar 2020

Det er planlagt å finansiere investeringane i varige driftsmidlar i 2020 i samsvar med deltabellen «investeringsinntekter» under. Øvste delen av tabellen må sjåast i samanheng med dei andre investeringane.

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Investeringsutgifter			
Investeringar i varige driftsmidlar	25 570	41 435	6 857
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	600	600	603
Utlån av egne midlar	0	300	1 600
Avdrag på lån	0	800	3 004
Sum investeringsutgifter	26 170	43 135	12 064
Investeringsinntekter			
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 418	-1 075	-689
Tilskot frå andre	0	-4 000	-3 684
Sal av varige driftsmidlar	-300	-300	-764
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	-800	-1 052
Bruk av lån	-23 852	-36 360	-5 880
Sum investeringsinntekter	-25 570	-42 535	-12 069
Vidareutlån			
Vidareutlån	300	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-300	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	800	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-800	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar			
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	548
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-600	-600	-543
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-600	-600	5
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)			
	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)			
Inntekter til fordeling	0	0	0
Utgifter til fordeling	26 170	42 335	9 060
Sum til fordeling (netto)	26 170	42 335	9 060

Ein tek høgde for at MVA-kompensasjonen er eit anslag. Ein vil kome tilbake til konkrete lånebehov til investeringar i 2020, når investeringsrekneskapen for 2019 er avslutta. I løpet av året vil ein og gjere justeringar viss det har blitt utbetalt spelemidlar. Per no er det fleire prosjekt som er delvis spelemiddelfinansierte, men spelemiddelbeløpa vil ein kome tilbake til når prosjekta er ferdige.



5.4 Hovudoversikt investeringar i økonomiplanperioden

Kommunen sitt investeringsbudsjett for åra 2020-2023 balanserer med inntekter og utgifter på totalt kr. 45.700.000.

Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneheld følgjande:

Tall i 1000 kroner	Økonomi- plan 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023
Investeringsutgifter				
Investeringar i varige driftsmidlar	25 570	6 910	5 400	900
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	600	600	600	600
Utlån av egne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	26 170	7 510	6 000	1 500
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 418	-380	-330	-30
Tilskot frå andre	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-300	-300	-300	-300
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0	0
Bruk av lån	-23 852	-6 230	-4 770	-570
Sum investeringsinntekter	-25 570	-6 910	-5 400	-900
Vidareutlån				
Vidareutlån	300	300	300	300
Bruk av lån til vidareutlån	-300	-300	-300	-300
Avdrag på lån til vidareutlån	800	800	800	800
Mottatte avdrag på vidareutlån	-800	-800	-800	-800
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar				
Overføring frå drift	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-600	-600	-600	-600
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-600	-600	-600	-600
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	26 170	7 510	6 000	1 500
Sum til fordeling (netto)	26 170	7 510	6 000	1 500

5.5 Utlån

Etter innskjerpa tildelingsreglar frå Husbanken, gjeldande frå 01.04.2014, er talet på søknadar om startlån merkbar redusert, men ein ser og at fullfinansiering er eit meir aktuelt alternativ enn tidlegare. I slutten av 2018 og i løpet av 2019 har det blitt innvilga to startlån. Dei ubrukne startlånmidla er på om lag kr 2,8 millionar i skrivande stund. Ved behandling av startlån i Bygland kommune vert forskrifta frå Husbanken lagt til grunn ([FOR-2014-03-12-273](#)).



5.6 Investeringar i anleggsmidlar i økonomiplanperioden

Kommunen sitt investeringsbudsjett for åra 2020-2023 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 45.700.000. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 38.780.000.

Investeringsbudsjettet for anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar (*Tal i 1000*):

Nr.	Investeringar:	2020	2021	2022	2023	SUM
804	Kartverk/ Geovekstprosjektet	250	250	250	250	1 000
817	Kjøp av tomteareal	500	500	500	500	2 000
884	Innkjøp av sjølvgåande lift	0	300	0	0	300
559	Kloakkrenseanlegg Bygland	19 000	0	0	0	19 000
841	Detaljprosjektering av VVA Landeskogen	0	450	0	0	450
841	Vatn til og avlaup frå Landeskogen	0	0	3000	0	3 000
841	Opprusting av veg til Landeskogen	0	0	1500	0	1 500
828	Nærmiljøanlegg IFK plan - kommunal eigenandel	150	150	150	150	600
560	Renseanlegg Austadneset	0	2 800	0	0	2 800
565	Forprosjekt Saneringsplan og VA prosjekt - Prestlia	0	160	0	0	160
563	Rehabilitering av kloakkrense-/pumpestasjoner i kommunen	1 000	1 000	0	0	2 000
848	Kjøle- og ventilasjonsanlegg Byglandsheimen	600	0	0	0	600
885	Ny sandfeiemaskin	200	0	0	0	200
878	Framtidig bruk av stasjonsområdet (prosjektering)	100	0	0	0	100
877	Framtidig bruk av Heradshuset (prosjektering)	100	0	0	0	100
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	0	800	0	0	800
603	Prosjektering Lys-/turløype Byglandsfjord	200	0	0	0	200
806	Bustadområde Austad	430	0	0	0	430
875	Brannsikring Ose sentrum	220	0	0	0	220
881	Nye plenklypparar	320	0	0	0	320
567	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	1 500	0	0	0	1 500
568	Nytt UV-anlegg Åraksbø	200	0	0	0	200
752	Utbygging av gateljos Grendi og Bygland	300	0	0	0	300
569	Nytt luftesystem og blåsemaskinar Byglandsfjord RA	500	0	0	0	500
882	Rehabilitering firemannsbustad Bygland	0	200	0	0	200
883	Kartlegge moglege ENØK-tiltak Byglandsheimen	0	300	0	0	300
	Sum investeringar	25 570	6 910	5 400	900	38 780

Kommentarar om dei einskilde tiltak for økonomiplanperioden 2021-2023

Innleiingsvis i dette avsnittet må ein påpeke at budsjettet er eit kostnadsoverslag. Eksakt kostnad får ein først når prosjekta har vore ute på anbod.

Kartverk/Geovekstprosjekt

Følgjer av omtalen i avsnitt 5.2.

Innkjøp av sjølvgåande lift

For å gjere arbeid i høgda meir sikkert og effektivt er det framlegg om å gjere denne investeringa. I samband med vedlikehald og anna arbeid har ein ofte behov for å enkelt kunne komme til i høgda og vere bevegeleg. Dette er og i tråd med gjeldande HMS-krav. Ein vil likevel vurdere behovet i løpet av 2020 med omsyn til om ein heller vil leige enn å eige, og prosjektet vert difor utsett til 2021.

Detaljprosjektering av veg, vatn og avlaup (VVA) – Landeskogen

Detaljprosjektering med tanke på utbetring av VVA-strukturen i 2022.



Landeskogen – bygging av nytt avlaupssystem og vassforsyning

Det er sett av kr 2.720.000,- til bygging av nytt avlaupssystem og vassforsyning til Landskogen. Ein må sjå dette i samanheng med opprusting av veg til Landskogen. Det er rasjonelt å leggje røyr samstundes som ein bygger veg. Forprosjekt er ferdig og ein føreslår at dette vert følgt opp etter at detaljprosjektet er ferdig.

Landeskogen – opprusting av veg

Det er sett av kr 1.500.000,- til opprusting av vegen til Landskogen. Sjå punkt ovanfor.

IFK-plan

Det er årleg sett av kr 150.000,- til kommunal eigenandel i samband med gjennomføring av prioriterte tiltak i IFK-planen. Andre prioriterte tiltak frå IFK-planen ligg inne med direkte finansiering gjennom investeringsplanen.

Reinseanlegg Austadneset

Grunna pågåande arbeid med reguleringsplan for Ose bygdesenter føreslår ein å vente med dette prosjektet til reguleringsplanen er ferdig.

Saneringsplan og VA-prosjekt, Prestlidi – forprosjekt

VA-nettet i området er gamalt og etter dagens standard på grensa til å vere underdimensjonert med dagens nedbør og grøftesystem. Særleg med tanke på leidningsnettet til overflatevatnet ser ein byrjande utfordringar. Nasjonalt er det sett større fokus på den aukande flaum- og rasfaren større nedbørmengder utløyser. Prosjektet må uansett sjåast i samanheng med reinseanlegget og vert difor utsett til 2021.

Rehabilitering av kloakkpumpestasjonane

Følgjer av omtalen i avsnitt 5.2.

Uteareal Bygland oppvekstsenter

Etter oppgradering av uteområdet ved skulen på Bygland i 2018/2019, samt oppgradering av uteområdet rundt Byglandsfjord oppvekstsenter i 2019/2020, vert det planlagt å ruste opp leikeplassen ved «småskulen» i 2021.

Forprosjekt rehabilitering av firemannsbustad i Prestlidi

Bustaden treng rehabilitering både ut- og innvendig. Det vil vere føremålstenleg å prosjektere ei rehabilitering i ljøs av ENØK og miljøvenlige løysingar. ENOVA og andre miljøinstansar vil vere naturleg å søkje støtte ifrå før arbeidet blir sett i gong. Sjølve rehabiliteringsarbeidet må følgjast opp med løyvingar påfølgjande år (2022).

Kartleggje mulige ENØK-tiltak på Byglandsheimen

Det vil vere føremålstenleg å kartleggje mulige ENØK-tiltak på Byglandsheimen i eit klimaperspektiv. Oppfølging av mulige konkrete tiltak vil måtte skje med oppfølging seinare budsjettår.



5.7 Finansiering av investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden

Investeringsbudsjettet er finansiert på følgende måte:

Tall i 1000 kroner	Økonomi- plan 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023
Sum investeringar i varige driftsmidlar	25 570	6 910	5 400	900
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 418	-380	-330	-30
Tilskot frå andre	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-300	-300	-300	-300
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0	0
Bruk av lån	-23 852	-6 230	-4 770	-570
Sum investeringsinntekter	-25 570	-6 910	-5 400	-900

Opptak av lånegjeld vil bli redusert i 2021, andre år vert det lagt opp til låneopptak lågare eller på nivå med innbetala avdrag. Ein vil nytte ubrukne lånemidlar att frå tidligare år før ein tek opp nye lån. Inntektene frå tomtosal er budsjetterte med kr 300.000 i 2020 og ut perioden. Sal av tomter i kommunen vil bli sett av til ubundne investeringsfond. Mva-kompensasjonen er eit anslag og vil variere med kor mykje av investeringane som er knytt opp mot refusjonspliktige kostnader.



6. BUDSJETTRAMMER FOR EININGANE

6.1 Innleiing

Overordna målsetting for kommunen som tenesteytar

Ambisjon:

I Bygland skal innbyggerane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan

Service og tenester:

- Ein skal i tenesteproduksjonen ha fokus på innbyggarservice, og på å gjere brukarane nøgde med tenestene
- Informasjon og kommunikasjon skal vektleggast
- Kommunen skal aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å yte god service og gjere tenester lett tilgjengelege
- Bygland kommune skal som arbeidsgjevar nytte kompetanseheving for å utvikle verksemda, leiarane og kvar enkelt tilsett
- Økonomiske og menneskelege ressursar skal nyttast optimalt

Forvaltning:

- Sørgje for føreseieleg, konsekvent og lik handsaming av like saker
- Føre god og sakleg argumentasjon for vedtak og avgjerder
- Arbeide for kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming
- Gjere ei heilskapleg vurdering i alle saker, og vurdere dette opp mot føremålet i den aktuelle lova
- Sikre godt fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid

Desse overordna måla for kommunen si verksemd er uttrykte i ny kommuneplan. I tillegg ynskjer rådmannen for budsjettåret 2020 å vidareutvikle arbeidet med å styre etter mål- og resultatindikatorar, og har identifisert følgjande overordna strategiske mål for organisasjonen, for å møte identifiserte utfordringar. Dei einingsvise måla og resultatindikatorar skal sjåast i samanheng med desse overordna måla, og vere sektorvise bidrag til å utvikle organisasjonen heilskapleg.

Overordna strategiske mål for organisasjonen:

- Gjennomføre utviklingsarbeid som styrker tverrfagleg ressursutnytting og heilskaplege tenester
- Gjennomføre kompetansetiltak for leiarar og medarbeidarar som styrker drift og utvikling av tenester
- Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse
- Styrke heilskapleg samfunnsbygging med vekt på førebyggjande arbeid, kulturelt mangfald og miljø
- Samarbeide lokalt og regionalt for å utnytte kommunen sine ressursar i eit større perspektiv, og løyse ut større fleksibilitet og befolkningsvekst



Driftsbudsjett 2020

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Generelle driftsinntekter			
Rammetilskot	-64 065	-62 794	-61 608
Innteks- og formuesskatt	-28 370	-27 011	-27 381
Eigedomsskatt	-9 100	-7 845	-7 957
Andre generelle driftsinntekter	-6 830	-6 600	-6 436
Sum generelle driftsinntekter	-108 365	-104 250	-103 381
Netto driftsutgifter			
Sum bevillingar drift, netto	113 626	108 713	105 755
Avskrivningar	0	0	7 522
Sum netto driftsutgifter	113 626	108 713	113 277
Brutto driftsresultat	5 261	4 463	9 897
Finansinntekter/Finansutgifter			
Renteinntekter	-1 400	-1 200	-1 436
Utbytter	-6 797	-6 572	-6 898
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0
Renteutgifter	3 050	2 750	2 078
Avdrag på lån	5 275	4 900	4 602
Netto finansutgifter	128	-122	-1 655
Motpost avskrivningar	0	0	-7 522
Netto driftsresultat	5 389	4 341	719
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 154	-639	-1 119
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-4 235	-3 703	-675
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	-1
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 389	-4 341	-1 795
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk).	0	0	-1 076

Kommentar:

Tala frå år til år er i årets opphavelige kronekurs. Når en bereknar realendringar må ein hugse deflator-korrigeringar.



Budsjettskjema: Bevillingsoversikt drift, til fordeling

Tal i heile 1000.

Driftsbudsjettet for Bygland kommune			
Bevillingsoversikt drift, til fordeling			
	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Fordelt slik:			
Resultateining 10: Politisk styring			
Netto	1 790	1 830	1 569
Resultateining 20: Sentraladm. og fellesutgifter			
Netto	14 540	14 165	13 185
Resultateining 201: Kultur			
Netto	1 634	1 583	1 344
Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter			
Netto	19 165	17 535	16 854
Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter			
Netto	12 339	11 605	10 917
Resultateining 31: Helse			
Netto	9 612	9 392	7 767
Resultateining 32: NAV/flyktningekontoret			
Netto	-	1 198	485
Resultateining 33 : Pleie og omsorg			
Netto	33 136	32 416	34 198
Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF			
Netto	13 770	12 674	13 575
Resultateining 40: Drift og forvaltning- VARF			
Netto	801	1 063	439
Resultateining 41: Større prosjekt			
Netto	1 635	1 550	1 370
Resultateining 80: Eksterne samarbeid			
Netto	14 540	12 471	12 704
Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnader			
Netto	-12 342	-9 888	-10 829
Netto driftsutgifter	110 620	107 594	103 578

Kommentar:

Den enskilde eining er kommentert i egne avsnitt nedanfor. Merk at talla ovanfor er inklusive fonds-disponeringar. For ramar eksklusiv fondssalderingar, viser ein til vedlegg B.



6.2 Politisk styring og kontroll

Omtale av eininga

Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, utgifter i samband med møte osv.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 10: Politisk styring			
Netto	1 790	1 830	1 598

Kommentar:

Budsjettreduksjonen er først og fremst på grunn av at 2020 ikkje eit valår, og difor ligg det ikkje inne kostnader til valadministrasjon.

Det er lagt opp til ei ordning der einingane får kompensert ekstrautgifter for tilsette som er politikarar. Denne ordninga er avgrensa av utgifter knytte til faktisk vikarbruk. Formannskapet er lagt inn med ei tilleggsøyving på kr 10.000. Dette er midlar formannskapet kan disponere til ynskja føremål. Det er ikkje tilleggsøyvingar for dei andre politiske utvala.

Vedtekne godtgjersle til politikarane er vidareførte i budsjettframlegget med same sats som i 2019.

Merk at lokale midlar til Agder Sekretariat, og dei sentrale overføringane og kostnadane til Agder Kommune-revisjon IKS, ligg under eining 80 – Eksterne samarbeid.

Det er sett av kr 50.000 til tilskotsordning til politiske parti. Kommunestyret har i eiga sak vedteke disponeringa av desse midlane. Det er og sett av kr 10.000 til TV-aksjonen 2020.

6.3 Sentraladministrasjon og fellesutgifter

Omtale av eininga

Eininga omfattar rådmannskontoret sine oppgåver innan administrasjon, leiding, plan og utvikling, økonomi, personal og politisk sekretariat.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 20: Sentral adm. og fellesutgifter			
Netto	14 540	14 165	13 185

Kommentar:

På denne eininga er det i 2020 budsjettert med kostnader til rådmannens stab og anna som ein naturleg kan leggje under denne. Budsjettveksten frå 2019 til 2020 er på 2,6 % og er litt under deflatorveksten på 3,1 %. Det er for det meste lønnsveksten som bidreg til auka, mens diverse fellesutgifter er stort sett uendra, noko som bidreg til at auka vert litt lågare enn deflatorveksten.

Fellesutgifter/sectorovergripande

Her ligg alle kostnader som er felles for heile kommunen. Personforsikring for alle tilsette i kommunen og kontingentar til organisasjonar som kommunen er medlem i, er også budsjettert under dette område. Det er sett av kr 40.000 til velferdstiltak og om lag kr 50.000 til opplæringsmidlar for dei tilsette i kommunen.



IKT lokalt

Her har ein samla dei interne, overordna IKT-kostnadane for Bygland kommune. Utgiftene til Setesdal IKT er ført under eining 80. Drift og innkjøp av tekniske installasjonar, linjer, maskiner, sentralbordløyningar og anna ligg under her. Etter innkjøp av nye printarar, ny makuleringsmaskin og ny plottar i 2018/2019 ser ein ikkje for seg større ekstraordinære innkjøp på dette ansvarsområdet i 2020.

Pedagogiske tenester

Dette området omfattar utgiftene til skulefagleg kompetanse i Bygland kommune. Her kan det òg kome utgifter dersom barn frå Bygland kommune vert tekne opp i private barnehagar. Ein viser til heimel i forskrift om likeverdig behandling § 11, refusjon av kostnader knytt til barn frå andre kommunar:

«Kommuner som har ikke-kommunale barnehager med barn som er bosatt i en annen kommune, har rett til refusjon for kostnader til ordinær drift som ikke dekkes av foreldrebetalingen og andre offentlige tilskot fra kommunen der barnet er bosatt. Refusjonen er basert på nasjonale gjennomsnittssatser for tilskot til driftskostnader og kapitalkostnader fastsatt av departementet.»

For tida har kommunen 1 barn i private barnehagar som har folkeregistrert adresse i Bygland. Dette barnet går i privat barnehage utanfor kommunegrensa. Ein tek sikte på at kostnader knytte til dekkjast inn av den ramma som er satt av til dette ansvarsområdet.

Kyrkjesektoren

Dette området omfattar overføring til kyrkjelege fellesråd og tilskot til andre trdomssamfunn. Det er lagt til grunn ei overføring på kr 1.217.000 til Bygland kyrkjelege fellesråd, og om lag kr 58.000 til andre trussamfunn. Overføringa er justert for med ei vekst tilsvarande kommunens vekst i skatt- og rammetilskotet på 1,8 %.

Frivilligsentral

Området omfattar utgiftene til drift av Bygland frivilligsentral og driftsutgiftene til matombringning. For 2020 har kommunen 0,8 årsverk knytt til frivilligsentralen.

HTV/HVO

Hovudtillitsvald og hovudverneombod i Bygland kommune er frikjøpt i høvesvis 50 og 20 % stilling. Desse stillingane er lønna under denne eininga. Den overordna oppgåva som ligg til desse stillingane er å følgje opp at kommunen som arbeidsgjevar ivaretek dei tilsette i samsvar med dei rettane dei tilsette har.

Fokus på likestilling vil vere ein naturleg del av oppgåva. Lover (likestillingsloven, diskrimineringsloven, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og arbeidsmiljøloven) og avtaleverk (HA) legg føringar på kommunen vedkomande likestillingsarbeidet. Her vert ansvaret òg plassert. I Hovudavtalen står fylgjande:

§ 7 Fremme likestilling og hindre diskriminering

Arbeidet for å fremme likestilling og å hindre diskriminering lokalt tillegges de som har det overordnede ansvar for arbeidsgiverpolitikken i den enkelte kommune/fylkeskommune. Ledere og tillitsvalgte har et særlig ansvar for det løpende likestillings- og ikke-diskrimineringsarbeidet.

Dei sentrale partane skriv vidare:

Det er en målsetting for partene at:

- alle arbeidstakere må gis like muligheter til arbeid og til personlig og faglig utvikling
- alle arbeidstakere må gis like muligheter med hensyn til tilsetting, lønn, heltidsstilling, opplæring og avansement
- det ikke må skje usaklig forskjellsbehandling ved innskrenkninger og oppsigelse
- det rekrutteres flere kvinner til ledende stillinger



- *det rekrutteres flere menn til kvinnedominerte yrker i kommunal sektor*
- *I kap. om likestilling i personalhandboka har ein lagt vekt på likestilling mellom kjønna.*

Dette kap. er no under evaluering. Likestillingsomgrepet må no utvidast til også å gjelde etnisitet, alder, legning, funksjonsevne osv. ikkje bare kjønn.

Når det gjeld mål, tiltak, kompetanseutvikling/opplæringsplan osv. viser ein til personalhandboka.

Det er ikkje framlegg om særskilte likestillingstiltak i budsjettet, men tiltak som har økonomiske konsekvensar som t.d. prioritert kompetanseplan er vedteken i AMU og «innbaka» i budsjettet.

POU: Plan og utvikling

Overordna:

Plan- og utviklingsavdelinga vart oppretta som ei ny stabseining i rådmannens stab våren 2018.

Tilsette:

Det er 2,6 årsverk i stabseininga:

- Leiar (40 %)
- Fagleiar plan (100 %)
- Byggesakshandsamar (100 %)
- Folkehelsekoordinator (20 %)

I 2020 har ein lagt opp til same bemanning.

Hovudoppgåver:

Avdelinga har – på vegne av rådmannen – følgjande hovudoppgåver:

- Overordna ansvar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av kommunale planprosessar, blant anna:
 - Handsaming av offentlege og private reguleringsplaner
 - Planendringar og dispensasjonshandsamingar etter plan- og bygningslova (PBL)
 - Funksjon som sekretariat ved rullering av kommuneplanen
 - Deltak i større kommunale prosessar og tverrfaglege prosjekt.
- Byggesakshandsaming jf. byggesaksdelen i PBL med føresegner, blant anna:
 - Handsaming av byggesøknader jf. PBL kap. 20
 - Tilsynsoppgåver jf. PBL kap. 25
 - Oppfølging av ulovlegheiter.
- Overordna ansvar for det kommunale kvalitets- og forbetningsarbeidet.
- Ansvar for koordinering av det kommunale folkehelsearbeidet.

Fokusområder 2020:

Avdelinga vil i 2020 med anna ha fokus på:

- Å ivareta kommunen si rolle som plan- og bygningsmynde på ein så god måte som mogleg.
- Planarbeid i høve til ny kommuneplan sin samfunns- og arealdel.
- Å vidareutvikle ei kostnads- og føremålseffektiv sakshandsaming innan både plan- og byggesaksfeltet.
- Å vidareføre arbeidet med digitalisering av kommunale planer i planregisteret
- Overgang til ny versjon av kvalitetsstyringssystemet Compilo.
- Å halde ajour og vidareutvikle planoversikta til kommunen.

Folkehelsekoordinator:

Folkehelsekoordinator har tidligare vore eit eige ansvarsområde i sentraladministrasjonen, men frå våren 2018 vart det vedteken å leggje denne oppgåva under stabseininga Plan og Utvikling. Bygland kommune har undertekna avtale med Fylkeskommunen om å ha ein folkehelsekoordinator. Folkehelsekoordinator skal ha



fokus på førebyggjande helse på tvers av alle einingane i kommunen. I Bygland er det tilsett folkehelsekoordinator i 20 % stilling.

Folkehelselova handlar om det kvar enkelt av oss, kommunane og samfunnet kan gjere for at vi skal få eit sunnare og friskare folk. God helse er ein av dei viktigaste ressursane i samfunnet. Å satse breitt på å førebygge sjukdom og fremje helse vil redusere sjukdom og død, og gi ei meir funksjonsfrisk og arbeidsdyktig befolkning.

Rådmannen oppnemnte i 2015 ei arbeidsgruppe med tenesteleiar helse, folkehelsekoordinator og kommuneoverlege som fekk følgjande mandat:

- Arbeide for at kommunen skal ha ei offensiv og oppdatert tilnærming til folkehelse, som følgjer krava i folkehelselova.
- Faggruppa skal vere ei kompetanse- og ressursgruppe for kommunestyret og andre politiske forum, og for leiarar og tilsette i kommunen.
- Bygge ei felles plattform, med politisk og administrativ forankring, der alle får ei felles forståing av kva god folkehelse inneber, og kva som må til for å oppnå dette.
- Utvikle eit godt system for å utarbeide årleg oversikt over helsetilstand og faktorar som verkar inn på helse i kommunen, samt vurdere årsakssamanhengar og konsekvensar.

Alle område i kommunen skal ha folkehelse og levekår som gjennomgåande tema. Folkehelse skal ligge til grunn for alt planverk i kommunen.

Overordna personal

Fokusområder:

Tariffoppgjer og forhandlingar:

I 2020 er det hovudoppgjer. Det betyr både sentrale og lokale forhandlingar jf. kap. 3, 4 og 5 i HTA. Hovudtariffavtalen gjeld fram til 30.04.20. Overheng frå 2019 til 2020 er estimert til 1,3%. Siste «anslag» frå SSB var at årslønnsveksten i 2020 for heile landet ville bli 3,6%. Det er eit «anslag» og kan endre seg. Ein forventar ein relativt stor pott til lokale forhandlingar i 2020. Frå sentralt mellomoppgjer i 2019 står det bla. fylgjande: «.....årslønnsvekstramme fratrukket overheng og forventet glidning ved hovudetariffoppgjøret i 2020, avsettes om lag 1/3 til lokale forhandlingar etter HTA kapittel 4, pkt. 4.2.1. Virkningstidspunkt og eventuelle føringer avtales under forhandlingene i 2020.....».

Kompetanseutvikling:

Kompetanseutvikling er ein viktig grunnpilar for strategisk verktoy for vidare organisasjonsutviklinga på alle nivå i kommunen og ein vil difor ha fokus på dette i 2020 og. Kompetanseplan (vidareutdanning) er handsama i AMU. Kommunen vidareutdannar tilsette tilsvarande ca. 160 000,- desse midlane er innarbeidd i einingane sine budsjett. I tillegg kjem det einingane har budsjettert med til «vedlikehaldsopplæring». Utdanningssektoren gjennomfører også i tillegg kompetansehevingstiltak dekkja av staten.

Sjukefråver:

Bygland kommune vil også i 2020 ha fokus på å setje i verk tiltak for å halde sjukefråveret nede.

Likestilling:

I personalhandboka til kommunen er det vedteke fylgjande:

Delmål 1 - likestilling

Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderer/ ivaretek og verdset alle arbeidstakarar på lik line uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv.

Tiltak 1:

Forankre likestillingsarbeidet i administrativ og politisk leiing.

Tiltak 2:



Einingane skal beskrive likestillingstilstanden i eininga og rapportere om både planer og resultat når det gjeld likestilling. (Kommunelova § 48 pkt 5).

Tiltak 3:

Likestilling må inngå som ein naturleg del av leiaropplæringa.

Tiltak 4:

Inngå i kommunen sine overordna planar.

Delmål 2 - likestilling

Gje alle arbeidstakarane lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.

Tiltak 1:

Ut frå bl.a. medarbeidersamtale/bemanningsplan/rekrutteringsplan lage ein opplærings- og utviklingsplan der ein også tenker likestilling.

Delmål 3 – likestilling

Tenkje likestilling ved lønnsfastsetjing.

Tiltak 1:

Alle arbeidstakarar uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv vert vurdert etter same kriteriesettet vedtatt i lønnspolitisk plan.

Delmål 4 – likestilling

Ha ei balansert samansetning av kjønna i leiande stillingar.

Tiltak 1:

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnnet som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

Generelle tiltak:

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønnnet som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiseras med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Det er ikkje sett av spesielle midlar til likestilling i 2020. Ein har drøfta temaet heiltid/deltid med dei tillitsvalde hausten 2019 og ein var samd om å setje i verk ei kartlegging for å sikre seg fakta før ein eventuelt iverkset vidare tiltak.

PAD: Personal- og administrasjonseininga

Tilsette:

Det er 3,6 årsverk i PAD-eininga i tillegg til 1,25 årsverk på kultur. I 2020 har ein lagt opp til same bemanning.

Sjukefråver:

Det er f.t lite sjukefråver i eininga. Ein har/vil ha fokus på forebygging.



Arbeidsoppgåver/prioritering 2020:

Eininga har i hovudsak ansvar for fylgjande:

- Post, e-post, arkiv, innsynssaker m.m.
- Val og politisk sekretariat.
- Informasjon, (inkl. heimeside og sosiale medium).
- Kultur (inkl. bibliotek og ungdomsklubb).
- Publikumsrett/sentralbord.
- Overordna personal.
- Overordna beredskap/SLT.
- Systemansvar i forhold til kvalitetsstyring, personal, sakshandsaming m.m.
- Sakshandsaming innan områda.

Eininga vil i 2020 prioritere fylgjande:

- Primæroppgåvene i eininga.
- Lære opp kvarandre slik at det er dobbeltkompetanse på dei fleste «tidskritiske» oppgåvene.
- Arkiv vil få ekstra oppgåver knytt til NAV-arkiv («virksomhetsoverdragelse» til Vennesla)
- Forbetningsarbeid (lean).

2020 vert altså eit år der ein prioriterer primæroppgåvene våre og forbetningsarbeid.

ØKN: Økonomi og næring

Tilsette:

Det er 3,2 årsverk i stabseininga i 2019:

- Stabsleiar økonomi og næring (100 %)
- Økonomi- og lønskonsulent (100 %)
- Økonomi- og næringskonsulent (80 %)
- Økonomikonsulent (40 %)

I 2020 har ein lagt opp til same bemanning.

Sjukefråvær:

Avdelinga har hatt lågt fråvær grunna sjukdom så langt i 2019. Ein vil jobbe målretta for å halde sjukdomsfråværet lågt også i framtida.

Hovudoppgåver:

Avdelinga har – på vegne av rådmannen – fylgjande hovudoppgåver:

- Fakturahandsaming av inngåande fakturaer og fakturering av utgåande fakturaer.
- Remittering/utbetalingar.
- Innkrevjing.
- Rekneskap: Bokføring, budsjett, overordna rekneskapskontroll, årsavslutning/årsmelding.
- Løn: Pensjon, sjukefråvær/refusjon, reiserekningssattestasjon og -bokføring
- Offentleg anskaffing på eit overordna nivå og kontaktpunkt mot OFA (Offentleg Fellesinnkjøp på Agder).
- Innkjøp av kontorrekvisita mm.
- Eigedomsskatt.
- Næringslivsutvikling.
- Koordinerande rolle i Setesdal Vekst.
- Dagleg leiar og styremedlem i Byglandstunet AS.

Fokusområder 2020:

Avdelinga vil mellom anna prioritere fylgjande i 2020:

- Primæroppgåvene i eininga.
- Jobbe kontinuerleg med forbetnings- og utviklingsarbeid.





6.4 Kultur

Omtale av eininga

Kulturområdet har fast tilsett biblioteksjef i 60 % stilling med ansvar for hovudbiblioteket på Bygland og filial på Byglandsfjord. Biblioteksjefen har også 10 % stilling knytt til skulebiblioteket.

I Heradshuset på Bygland er det kommunal ungdomsklubb med 25 % stilling. I tillegg har ein tilkallingsvikar viss ungdomsarbeidar er sjuk, og ved spesielle høve og turar. På den måten unngjeng ein å stenge. Ein ser på arbeid med barn og unge som eit svært viktig område, og vikaren gjer her ein formidabel innsats. Kommunen har fått eit eige ungdomsråd. Ungdomsrådet vert lagt innanfor kultureininga og vert tilgodesett med kr 50.000 i budsjettet for 2020.

Kulturområdet har også fast tilsett kulturleiar i 40 % stilling. Hovudoppgåvene til kulturleiaren er:

- Sakshandsaming/administrasjon innan kulturområdet, t.d. kulturmidlar, IFK-plan, spelemidlar, kulturvern og kulturminne, kontakt/samspel med lag/organisasjonar, støttespelar ved arrangement.
- Kommunen sin kontaktperson vedr. kulturskule (samarbeid med Evje og Hornnes), fylkeskommune og andre eksterne/interne aktørar på fagområdet.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 201: Kultur			
Netto	1 634	1 583	1 344

Kommentar:

Veksten frå 2019 til 2020 er tilnærma lik deflator og skuldast først og fremst lønsvekst.

Kultur

Det ligg inn om lag kr 300.000 til kulturmidlar i 2020, som er det same beløpet som for 2019. I kommuneplanen står det: «Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.» Dette er viktige retningslinjer når ein skal fordele kulturmidlane. Samstundes ynskjer me å støtte aktørar innafor idrett og friluftsliv, ikkje minst dei lokale laga i kommunen. Tilskotet skal nå prioritere lag som rettar seg mot born og unge.

Av kulturmidlane har kr 50.000 per år gått til Bygland hornmusikk, jfr. tidlegare politisk prioritering og kr 13.000 til fordeling etter regulativ til 17. mai-komiteane. Honorarfondet har også fått kr 25.000 per år. Kr 10.000 er sett av til Bygdekinoen. Dette er også eit tiltak som gjev inntekt til lokale lag (4H) og er viktig for at Bygland kommune skal kunne konkurrere med kulturtilbodet i til dømes Evje/ Kristiansand.

Ungdomsklubben

Klubben legg opp til aktivitet på måndagar og onsdagar. Det er budsjettert med kr. 12.000,- til velferdstiltak. Eksempel på tiltak er joleball og overnattingsturar på DNT-hytter. Det er også budsjettert med 3.000,- til kjøp av mat. Ungdomsklubben prøver såleis å dekkje nokre av utgiftene ved slike turar, slik at flest mogleg skal kunne vere med. Ungdomsklubben er eksempel på eit område kommunen ynskjer å satse meir på, då huset er populært blant ungdommen. Ein ser at det kan bli aktuelt for ungdomsklubben å arbeide meir med prosjekt, for slik å kunne søkje om midlar frå diverse fond. Dette er tidkrevjande, og krev fort meir stillingsressurs.

Overordna mål for verksemda

Det overordna målet for kulturarbeidet i Bygland kommune finn vi i kommuneplanen:

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levevilkår.

Dette er eit overordna mål som fell saman med andre av kommunen sine overordna mål slik det er formulert i kommuneplanen. I kommuneplanen finn vi også dette:



Ambisjon

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levekår.

Vi er stolte av eit rikt kulturliv med tilbod til dei fleste. Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.

I kommunen har vi mykje frivillig innsats i lag og foreningar: hornmusikk, 4H, ungdomsklubb, idrettslag med aktivitetar og idrett på mange nivå, skyttarlag, jeger- og fiskarlag, leikarring, kulturskule, bygdekino m.m. Heilt lokalt er mykje verdfullt barne- og ungdomsarbeid knytt til dei ulike bedehusa. I tillegg har vi fleire band, lokale musikarar og bygdekor. Mykje skjer, stort sett heile tida for den som vil oppleve og utøve.

Kommunen har eigen plan for idrett, friluftsliv og kulturbygg med handlingsprogram som vert rullert kvart år. Kommunestyret avgjer via budsjettvedtaket kva tiltak som vert finansiert (IFK-planen).

Vegen vidare

- Halde fram å styrke kulturlivet ved å prioritere dette i budsjettsamanheng
- Legge til rette for aktiv livstil og rekreasjon ved å betre tilgjenge til utmarka via eit ope nett av skogsbilveggar
- Kommunen skal stimulere til, og legge til rette for at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling

Styringsmål

- Kulturavdelinga støttar opp om arbeidet for barn og ungdom i alle delar av kommunen
- Samarbeidet om den interkommunale kulturskulen og UKM vert vidareført
- Planen for idrett, friluftsliv & kulturbygg vert rullert kvart år.
- Ungdomsklubbane lyt vidareutviklast



6.5 Oppvekstsektoren i Bygland kommune

Omtale av einingane

Bygland kommune har to oppvekstsenter. Bygland oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1.-10. klasse, skulefritidsordning (SFO) og barnehage. Byglandsfjord oppvekstsenter inneheld ordinær skuleverksemd 1.-7. klasse, skulefritidsordning (SFO) og barnehage.

Det er sett i verk eit tett samarbeider mellom oppvekstsentra, både gjennom faglege nettverk for lærarane, og med fagsamlingar for elevane. Føremålet er å bygge eit solid fagmiljø, og å skape gode relasjonar mellom barna i heile kommunen.

Oppvekstsentra har ei pro-aktiv tilnærming til elevane si læring og psykososiale miljø, og vektar tidleg innsats og tett oppfølging. Alle tilsette har gjort seg kjent med *Handlingsplanen for eit godt og trygt skule og barnehagemiljø*. Oppvekstsentra deltek i ulike tverrfaglege samarbeid for barn og unge, mellom anna den kommunale satsinga «Barn som bekymrar». Denne satsinga skal heve kompetansen til dei tilsette som kjem i kontakt med barn/unge i risikoutsette livs- og omsorgssituasjonar. Ei vesentleg oppgåve for oppvekstsenteret er å lage ei overbygning mellom dei ulike handlingsplanane og –retteleiarane, og implementere dei som verktøy i den daglege praksisen.

Begge oppvekstsentra er inne i eit nettverksbasert kompetanseutviklingssatsing, i regi av NTNU, saman med Evje og Hornnes. Skulane si satsing, *Skriving i alle fag*, tok til våren 2018 og held fram til våren 2020. Frå 2019-2023 er barnehagen sine kompetansesatsing *Barnehagens språkmiljø – systematisk språkarbeid i barnehagen*, og *Realfag i barnehagen på barnehagens premisser*.

Overordna mål for oppvekstsektoren

- Oppvekstsentra i Bygland skal gi alle barn og unge dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel, samhandling og læring.
- Arbeide førebyggjande, og følgje prinsippet for tidleg innsats gjennom heile oppvekstløpet, slik at alle elevar kan ta ansvarlege livsval.
- Oppvekstsentra i Bygland skal ha eit inkluderande og raust miljø, der det er aksept for at alle er ulike.
- I skular, barnehagar og SFO skal barna ha eit tilsyn med høg fagleg kvalitet, slik at dei opplever tryggleik og trivsel i lag med andre gjennom heile dagen.
- Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av kultur og natur slik at ein skaper tilknytning til heimlassen.
- Kvalitetssikre tilbodet i skular, SFO og barnehagar, blant anna gjennom brukarundersøkingar, oppfølging av rutinar, jamlege evalueringar og tett dialog.
- Brukarane møter tilpassa læringssituasjonar og utfordringar.
- Tilby alle som søker ved hovudopptak barnehageplass, og vere fleksible om nokon treng plass ved andre høve.
- Fremje psykisk og fysisk helse gjennom blant anna fysisk aktivitet, aldersblanda aktivitetar, og ved å setje sosial kompetanse og livsmeistring på dagsorden.
- Berekraftig utvikling skal vere eit gjennomgåande perspektiv i verksemda ved oppvekstsentra.
- Ruste barna for demokratiet gjennom medverknad.

Styringsmål

- Å vere blant dei beste på Agder når det gjeld fagleg utbytte og resultat.
- Å få gode resultat på ulike brukarundersøkingar.
- Gjennomføre utviklingsarbeid som sikrar kvaliteten og tverrfagleg samarbeid ved overgangane barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, vaksenopplæring, utdanning og jobb.
- Gjennomføre kompetansehevingstiltak i samsvar med vedtatt kompetansehevingssplan.
- Gjennomføre gjeldande planar og retteleiarar som tek i vare det psykososiale miljøet til barna.
- Arbeide for å halde sjukefråveret på eit minimum gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukemelde.



Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 300: Bygland oppvekstsenter			
Netto	19 165	17 535	16 854
	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 302: Byglandsfjord oppvekstsenter			
Netto	12 339	11 605	10 917

Elevtalsutvikling

Tabellen under viser utviklinga i elevtalet ved skulane i planperioden:

Skuleår	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
Bygland oppvekstsenter, elevtal	91	81	79	72
Byglandsfjord oppvekstsenter, elevtal	44	41	39	45

Basert på erfaring, så vil prognosetala svinge gjennom skuleåret pga. til- og fråflytting.

Bygland oppvekstsenter

Oppvekstsenteret har funksjonelle og gode lokale, som er godt vedlikehaldne. Uteområdet framom skulen er ferdigstilt, og opprusting av uteområdet i barnehagen er i gang. Den nye idrettshallen har tilført oppvekstsenteret ein ny dimensjon når det gjeld fysisk aktivitet både i undervisningssamanheng og rom for friminuttsaktivitetar. Ei lita auke i ungdomsskulen, der ein har 48 elevar fordelt på dei tre klassane neste skuleår. I barnehagen har ein to avdelingar i drift, med samla 23 barn.

Bygland oppvekstsenter har dyktige og engasjerte medarbeidarar og er for tida godt dekket med kvalifiserte pedagogar, både i skule og i barnehagen. Ein driv kontinuerleg vidareutdanning gjennom "Kompetanse for kvalitet", og har ein lærar på vidareutdanning etter denne ordninga skuleåret 2019/20.

Ramma for 2020 aukar med 9,3 % samanlikna med 2019. Dette har først og fremst årsak i ordinær lønnsvekst, men det skuldast og forsterking av bemanning for oppfølging av enkeltelevar, kvar med sine utfordringar og behov. Det er tilført ei ekstrahjelpstilling på 73 prosent knytte til dette som ikkje låg inne i budsjettet for 2019. Dette må sjåast på som ein del av «tidleg innsats»-satsinga, og vil «lønne seg» på lengre sikt.

Tidlegare har det vore ei utfordring å rekruttere barnehagelærarar til barnehagen, men dette barnehageåret har ein tilsett ein barnehagelærar i fast 100 % stilling. Ein har såleis dekt kravet til pedagogar i barnehagen etter at ny pedagognorm vart innført 1.august 2018. Oppvekstsenteret har og ein lærling, som delar av veka er i barnehagen og delar av veka er på skulen. Kommunen får eit lærlingtilskot som dekket deler av lærlinglønna. Begge desse stillingane låg ikkje inne i budsjettet for 2019 og er ein vesentleg årsak til at budsjettet for 2020 aukar med meir enn deflatorveksten.

Skulen:

Satsingsområde:

- Skrivning i alle fag.
- Det psykososiale miljø
- Oppfylle kompetansekrava til lærarar på alle trinn
- Barn som bekymrar
- Fagfornyninga

Barnehagen:

Satsingsområde:



- Implementere ny rammeplan for barnehagane
- Vi vil leike
- Leiarutvikling på pedagognivå.
- Språkstimulering i barnehagen

SFO

- Ordinær skulefritidsordning SFO alle dagar, med opningstid 07.00 til 16.30. Samla deltek 19 born på SFO i haust. Det utgjær 76 % av elevmassen i aktuell aldersgruppe.

Leksehjelp:

- Det er leksehjelp to ettermiddagar i veka for 5.trinn t.o.m. 10.trinn. Behovsprøvd for 1. -4. trinn

Vaksenopplæring:

Norskopplæringa for vaksne flyktningar vart avvikla våren 2020, då alle busette flyktningar i kommunen har vore gjennom obligatorisk norsk- og samfunnsfagopplæring.

Forseinka grunnskuleopplæring for vaksne vert ivareteken gjennom eigen samarbeidsavtale med Evje og Hornnes. Her er det for tida fire elevar, av desse er tre på introprogram.

Oppvekstsenteret driv òg vedlikehaldsundervisning for vaksne etter § 4-2 i opplæringslova.

Byglandsfjord oppvekstsenter

Ved Byglandsfjord oppvekstsenter er skule, SFO og barnehagen samlokaliserte. Bygningsmassen funksjonell og i god stand, sjølv om plassmangel kan vere ei utfordring på skule og SFO. Heile oppvekstsenteret nyttar Årdalshallen til fysisk utfalding. Uteområda i skule og barnehage blir rusta grundig opp i løpet av skuleåret 2019-2020, med ballbinge, akebakke og fleire leikeapparat.

Oppvekstsenteret har over tid hatt eit stabilt personale som er dyktige, engasjerte, løysingsorienterte og positive. Arbeidsmiljøet ved oppvekstsenteret er svært godt. Brukarundersøkingar/elevundersøkingar har synt oppsynsvekkjande gode resultat, og det er lågt sjukefråvere. Før oppstart av skuleåret 2019-2020, var det noko utskifting av personale i skulen, noko som inneber at oppgåver har blitt fordelte om.

Budsjettramma for 2020 gir framleis rom for at alle barn i alderen 1–12 år skal få dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel, samhandling og læring ved Byglandsfjord oppvekstsenter. Budsjettauka på 6,3 % for 2020 knyter seg i hovudsak til ordinær lønnsvekst. I tillegg er personalet styrka, grunna enkeltelevar med behov for tett oppfølging. Det er også ei lita auke knytt til implementering av Fagfornyninga frå august 2020. I tillegg er det inntektsreduksjonar knytte til reduksjon i talet på gjesteelever, og at det øyremerka tilskotet for bemanningsnorma i skulen fell bort. Alle desse faktorane bidreg til at budsjettet aukar litt meir enn deflator.

Skule:

Byglandsfjord skule er få-delt, og har eit elevtal som ligg nokså stabilt mellom 40 og 45. Det er utstrekt samarbeid på tvers av trinna. Det er høg assistenttettleik, grunna elevar med særskilte behov.

Skulen har godt kvalifiserte lærarar, med solid utdanning og lang erfaring. Utdanningsdirektoratet har framsett kompetansekrav innom engelsk, matematikk og norsk/særskilt norskopplæring som skulen må fylle innom 2025. Skulen er godt dekt innom matematikk og norsk, men treng å auke kompetansen i engelsk for å møte kompetansekrava. Samstundes førebur skulen implementering av Fagfornyninga, som trer i kraft frå august 2020. Bygland kommune deltar ut skuleåret i den desentraliserte ordninga for kompetanseheving saman med Evje og Hornnes kommune, «Skiving i alle fag». Denne kompetansehevinga rettar seg direkte mot Fagfornyninga.

Leksehjelp:

Det er tilbod om gratis leksehjelp to timar i veka for elevane i 5.-7. klasse. For 1.-4. klasse er leksehjelpa behovsprøvd, i samarbeid med dei føresette.



Barnehagen:

Det er ordinær barnehagedrift med 20 barn på to avdelingar. Frå 1. august 2018 blei pedagog- og bemanningsnorma i barnehagen skjerpa inn, og per 1. august 2019 er vi innanfor norma. Kravet er at det skal vere minst ein pedagogisk leier per 7 barn under tre år, og minst ein pedagogisk leier per 14 barn over tre år.

Det er berre to førskulebarn i år, noko som gir ei forventning om at det kjem fleire barn til barnehagen enn dei som går over i skule. Dette vil, med alt sannsyn, føre med seg ei nyttilsetjing i 60-80%. I samsvar med kommunen sitt hovudmål om vekst i folketalet, har alle som har søkt om barnehageplass fått det.

Barnehagen har gode leike- og opphaldsareal, og utearealet blir gradert opp med nye leikeapparat og installasjonar. Barnehagen bruker den språkutviklande leiken BRAVO, som skal bidra til å auke konsentrasjon, kommunikasjonsevna og språkutviklinga. I tillegg kjem det desentraliserte kompetansehevingsprosjektet knytt til språk og realfag.

SFO:

Byglandsfjord oppvekstsenter har ordinær skulefritidsordning. I skuleåret 2019-2020 er det 25 barn som nytter tilbodet, noko som utgjer omlag 85% av elevane i den aktuelle aldersgruppa. SFO har eit innhaldsrikt og variert tilbod, med fokus på mykje fysisk aktivitet og sunn kost. SFO har styrka bemanninga, for å kunne ta vare på brukarar som treng tett oppfølging.

6.6 Resultateining: Helse

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 31: Helse			
Netto	9 612	9 392	7 767

Kommentar:

Budsjettet for 2020 er auka med 2,3 %, som er godt under deflatornivå.

Legetenesta

Ved Bygland legekantor er det tilsett 5 personar i faste stillingar. Legekantoret har 2 fast tilsette legar, ein kommuneoverlege i 85 % stilling, 25 % av stillinga blir nytta til kommuneoverlegeoppgåver og 60 % som fastlege, samt ein fastlege i 80 % stilling. Legekantoret har og en LIS1-lege (turnuslege) i 100 % stilling.

Kommuneoverlegen er spesialist innan samfunnsmedisin og i allmenntilleggsmedisin. Kommuneoverlegestillinga er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune der Bygland kommune er vertskommune. Legekantoret blir i 2020 bemanna med 2 legesekretærer i 60 % og 40 % stilling, og ein legesekretær, som og er kontorleiar, i 100 % stilling. Det er etablert lokal legevakt saman med Evje og Hornnes kommune der alle legane deltek. Per 1.10.2019 er det 1149 personar som har fastlege i Bygland.

Legekantoret på Byglandsfjord er eit fullverdig legekantor. Drift av to fullverdige legekantor medfører ekstra arbeid for dei tilsette. Det medfører utgifter til vedlikehald av utstyr og medisinske forbruksvarer. Inntektene for 2020 er stipulert ut i frå rekneskap i 2018 på grunn av at 2019 har vore eit år med sjukdom og innleige av legevikar.

Helsesystemtenesta

Helsesjukesleier i Bygland har 90 % stilling. Ho starta på desentralisert helsesøsterutdanning hausten 2017 og blei ferdig utdanna som helsesjukesleier i 2019. Bygland kommune forplikta seg til å dekke utgifter og naudsynte permisjonar i samband med utdanninga. Helsesystem har forplikta seg til to års teneste etter utdanninga.

Tenesta er styrka med 20 % stilling med psykiatri og ruskompetanse som gjer eit tilbod til dei eldste ungdomane.



Helsesjukepleiar gjev tilbod om tenester til alle innbyggjarane i kommunen mellom 0-20 år. Helsestasjonen yter tenester i form av helsestasjon for barn 0-5 år, skulehelseteneste for barn og ungdom 6-20 år. Kommunen fikk tilskott frå Helsedirektoratet til å dekke 50 % stilling til vikar i skulehelsetenesta mens helsesøster er under utdanning. Ubruka midlar frå 2019 vil bli søkt om å få overført til 2020 for ei ytterlegare styrking i ein periode.

Helsestasjon for ungdom er etablert på torsdagar saman med LIS1-legen.

Jordmor

Jordmortenesta er eit samarbeid med Evje og Hornnes kommune, der Bygland kommune er vertskommune. I den ordinære jordmortenesta er det tilsett jordmor i 80 % stilling fordelt med 60 % til Evje og Hornnes kommune og 20 % til Bygland kommune.

Jordmor og helsesjukepleiar samarbeider med å gi eit godt tilbod til gravide og nyfødde.

I tillegg er det etablert ei ordning med 40 % stilling som skal dekke følgjetenesta i Bygland kommune. 340 000 av kostnadane for følgjetenesta vert dekkja av SSHF.

Psykisk helse og rus

Tenesta består av 65 % stilling spesialhjelpepleiar med god psykiatrikompetanse, 10 % velferdsvitar med ruskompetanse, det er dei same personane som arbeider saman med helsesystemer for å gi tenester til dei eldste ungdomane. Dette gir ein god teneste i overgangen frå ungdom til vaksen. Tenesteleiar er leiar for tenesta og har og pasientoppfølging.

Ansvar for oppfølging av rusavhengige er lagt til dette området. Styrking av ruskompetansen får tenesta og gjennom LMT med interkommunal ruskoordinator i Setesdal i 20 % stilling.

Tilsette i psykisk helse og rus deltek i interkommunale fagnettverk som er etablert i Setesdal. Nettverka er ein styrke for dei tilsette med kompetanseheving og for å utveksle erfaringar.

Brukarane av tenesta har dagtilbod ein dag i veka på Byglandsfjord i same lokalar som Pleie og Omsorg og Frivilligsentralen har sine aktivitetar.

Bustader for menneske med psykiske lidningar

Det er eit tilbod til 4 personar med psykiske helse- og rusproblematikk. Det er 2,25 stillingar i bustaden som arbeider dag og kveld. Personalet hjelper bebruarane med alt innan dagliglivet, reinhald, kost, psykisk helse og kontakt med andre helsetenester. Bebruarane får og hjelp av heimesjukepleien og habiliteringstenesta når det ikkje er personale på jobb i bustaden.

Støttekontaktar og avlastning

Budsjettet for støttekontakt inneheld støttekontakt, avlastning og omsorgsløn. Tenesteleiar har ansvar for sakshandsaming etter søknader frå foreldre og brukarar. Tildelinga blir drøfta i ansvarsgruppemøte og med andre fagpersonar som er involvert i tiltak rundt brukar. Det er i hovudsakleg born, unge og deira familiar som i dag har støttekontakt, avlastning og omsorgsløn.

Om ein brukar avlastning og støttekontaktar som førebyggjande tiltak vil foreldre kunne klare sine omsorgsoppgåver over tid. Støttekontaktar er oppdragstakarar og vert lønna i samsvar med til ei kvar tid gjeldande tariff-løn for assistentar. Avlastning vert godtgjort etter satsar for avlastning i eigen heim. Behov for støttekontakt og avlastning er vanskeleg å si på førehand, men budsjettet er satt opp etter dei behova ein kjenner til i dag.

I 2020 vil kommunen høgst sannsynleg måtte kjøpe ein plass frå august på Setpro for ein person, men det er mykje usikkerhet på noverande tidspunkt om omfang og kostnad.



Fysioterapitenesta

Fysioterapeuten er sjølvstendig næringsdrivande med 75 % kommunal driftsavtale. Ho har og ansvar for lovpålagte kommunale oppgåver, desse tenestene kjøper kommunen av fysioterapeuten.

Kjøp av psykologtenester

Frå 2020 er kommunepsykolog ein lovpålagt teneste. I budsjettet er det satt av 90 000 til kjøp av psykologtenester.

Overordna

Tenesteleiar deltek i helsenettverk, saman med leiarane i helse og pleie og omsorg i Setesdal, psykisk helse og rusfagnettverk og Profil-nettverk. Tenesteleiar er og forløpskoordinator for psykisk helse og rus og kontaktperson inn til koordinerande eining med Individuelle planar og koordinerte tenester.

Overordna mål for verksemda

- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar.
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde.
- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske.

Styringsmål

- Halde tildelt økonomisk ramme.
- Styrke dialogen med tenestemottakarar og ha fokus på brukarmedverknad.
- Medverke til at folkehelse har fokus i kommunalt planverk og tenesteproduksjon.
- Etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege.
- Sikre vedtak om, og oppfølging av individuelle planar.
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid.
- Ha fokus på godt samarbeid med interne og eksterne samarbeidspartnarar.
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging for dei som er sjukemeld.
- Gjennomføre medarbeidarsamtaler våren 2020.

6.7 Resultateining: Flykningtenesta

Omtale av eininga

Bygland flykningteneste har som formål å busette og integrere flykningar på ein slik måte som gjer dei rusta til å bli sjølvhjelpne, gje dei den bistand dei treng for å kvalifisere seg til det norske arbeidsliv og å finne seg høveleg arbeid. NAV-kontoret har tidlegare vore ein del av denne eininga, men etter at kommunen har gått inn i et interkommunalt NAV-samarbeid har ein valt å ha kommentarane om NAV under eining for eksterne samarbeid (sjå delkapittel 6.11).

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 32: Flykningtenesta		(inkl. NAV)	(inkl. NAV)
Netto	-	1 198	485

Kommentar:

Endringa skuldast at NAV Bygland er flytta til eining for eksterne samarbeid. Kostnadane til å drifte flykningtenesten vert saldert av flykningfondet og er difor satt til kr 0. Merk at integreringstilskota er betydeleg lågare i 2020, noko som inneberer at kommunen må bruke kr 764.000 av flykningfondet for å få saldert



budsjettet. Dette er i motsetning til tidlegare års budsjett, då integreringstilskota var så høge at kommune kunne setje av midlar *til* fondet i staden.

Flyktningetenesta

Det vart vedteken i kommunestyret desember 2015 at Bygland kommune skal busette 10 flyktningar kvart år i perioden 2015–2019, totalt 50 flyktningar innan for ei periode på 5 år. Det vil sei at ein har mogelegheit for ei fleksibel løysing på når ein skal busette.

Bygland kommune har sidan 2014 busett 38 flyktningar, 20 vaksne og 18 barn.

Det er tilsett ein flyktningkonsulent i 60% stilling og ein i 40% stilling. Flyktningkonsulenten sitt ansvarsområde er:

- Kontakt med IMDi: Motta førespurnad om busetting, svare på desse, søke om tilskot osv.
- Busetting og burettleiing.
- Følgje opp flyktningane i forhold til politi, søknad om pass, adresse, bank – andre formelle ting.
- Introduksjonsprogram og programrettleiing (ikkje det faglege i introduksjonsprogrammet – det følgjes opp av lærarane og ansvarlege for undervisninga).
- Språkpraksis og arbeidspraksis – i samarbeid med vaksenopplæring.
- Vere ein koordinator for flyktningarbeidet i kommunen, legge til rette for samarbeid og samhandling.

Kommunen har tankar og eit ynskje om å utarbeide eit undervisningsopplegg i økonomi for flyktningane slik at dei er rusta på best mogleg måte når det kjem til «kvardagsøkonomien» Dette er i gong og alle flyktningar i Bygland kommune vil ha «kvardagsøkonomi» som ein del av deira introduksjonsprogram.

Overordna mål for verksemda

- Kommunen skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærleik og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske.
- Hovudmålsetjinga for flyktningetenesta er å hjelpe flyktningar som kjem til kommunen med tilpassing til det norske samfunn og i samband med dette yte bistand til opplæring, bustad, økonomi og til å skaffe høveleg arbeid.

6.8 Resultateining: Pleie og omsorg

Omtale av eininga

Bygland kommune har fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på pleie- og omsorgstenestene. Hovudoppgåva til pleie- og omsorgseininga er å yte gode tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester. Det er for tida 3 avdelingar i pleie- og omsorgseininga. Desse er:

- Avdeling Byglandsheimen
- Avdeling for open omsorg
- Avdeling for habilitering

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 33 : Pleie og omsorg			
Netto	33 136	32 416	34 198

Kommentar:

Budsjettauken frå 2019 til 2020 er på om lag 2,2 %, som er godt under deflatorvekst på 3,1 %.



Overordna

Eininga har i løpet av dei siste åra gjennomført tiltak som har ført til reduksjonar i driftskostnadane. Sett i samanheng med det aukande behovet for pleie- og omsorgstenester i Bygland kommune, er det vanskeleg å sjå at det er mogleg å gjere ytterlegare reduksjonar utan at det går ut over tenestetilbodet. Eininga vil framleis ha fokus på utvikling og kostnadseffektivitet, men må fyrst og fremst overhalde lovmessige krav når det gjeld tenestebehov.

Eininga vil i 2020 arbeide målretta med forbetnings- og kvalitetsarbeid og målsettinga er å få etablert ein kontinuerleg forbetningskultur. Organisasjonen må vidareutviklast til å vere best mogleg tilpassa framtidens behov for pleie- og omsorgstenester i ein kommune som Bygland, og det kan bli naudsynt å gjere tilpassingar i eksisterande struktur for å få dette til.

I 2020 vil eininga ha stort fokus på å justere og tilpasse drifta i tråd med føringa i Stortingsmelding 15 «Leve heile livet – ein kvalitetsreform for eldre».

«Forbetring» og «kvalitet» er sentrale omgrep i pleie- og omsorgstenesta, og dette inneber at eininga vil utvikle arbeidsmåtar, metodikk, samhandling mellom avdelingar og kompetanse. I tillegg vil god kvalitetsstyring (internkontroll) vere viktig, både når det gjeld avvikshandtering og dokumentasjon av rutinar og prosedyrar. Eininga er med i satsinga på velferdsteknologi, og i løpet av dei siste åra har all velferdsteknologi i kommunen vorte digitalisert. Dette er ei utvikling som vi vil føre vidare inn i 2020.

Brukarmedverknad er viktig for pleie og omsorg, og vil i 2020 utvikle dette vidare. Vi har etablert brukar- og pårørandeaftan som eit tiltak, men vil søkje å få enda fleire arenaer for god brukarmedverknad i løpet av året.

Ernæring er eit anna satsingsområde, og eininga er med i læringsnettverk for fallførebygging og ernæring.

Rekruttering av tilsette med rett kompetanse som ønskjer å bli i eininga er eit viktig satsingsområde, samt at kompetanseheving av dei som allereie er tilsett vil bli prioritert. Eininga har egne undervisningsfasilitetar som mogleggjer internopplæring på ein betre og meir effektiv måte enn tidlegare.

I 2020 vil eininga ha eigen ergoterapeut i ei deltidstilling. Denne vil jobbe både mot bebuarar på Byglandsheimen og heimebuande.

Buformar

Eininga disponerer ulike typar buformar for ulike behov hjå brukarar og pasientar. Desse er:

- Institusjonsplasser (langtidsplasser)
- Bufellesskap for eldre og demente
- Omsorgsbustadar for eldre
- Omsorgsbustadar for psykisk utviklingshemma
- Aldersbustadar for eldre

Leiing, administrasjon og støttefunksjonar

Leiinga består av tenesteleiar og 2 avdelingsleiarar, som kvar har ei delt stilling mellom leiing/administrativt arbeid og operativt arbeid på skift.

Administrasjonen (den merkantile støtta) er tilpassa behovet.

Støttefunksjonane kjøkken og reinhald er lagt til eget budsjettområde, medan vaskeritenesta kjøpast av Setpro AS.

Avdeling Byglandsheimen

Byglandsheimen er kommunen sin sjukeheim, og avdelinga har eget budsjettområde. Avdelinga har langtidsplassar for eldre og demente, korttids-/avlastningsplasser og bufellesskap for demente.



Avdelinga si bemanning i 2020 planleggast ut i frå inntil 10 langtidsplasser, 6 korttids-/avlastingsplasser og bufellesskap for demente på Byglandsheimen med 6 plassar.

Avdelinga har eit utvida ansvar for rehabilitering av korttidspatientar, og aktivitøren er difor overført til avdeling Byglandsheimen.

Avdelinga sin turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning.

Avdeling for open omsorg

Avdeling for open omsorg har ansvaret for heimesjukepleie, praktisk bistand og utlån/utleige av ulike hjelpemiddel. Avdelinga har eget budsjettområde. Avdelinga har ansvar for tilsyn med omsorgsbustadane og bufellesskap for eldre på Byglandsheimen.

I tillegg til dei lovpålagte tenestene, har ein matombringning til eldre og uføre, og velferdsteknologiske løysingar til utleige (blant anna tryggleiksalarmar og andre sensorar som kan koplast til dette systemet).

Avdelinga si bemanning planleggast ut ifrå at behovet for tenester innan open omsorg er aukande. Turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning.

Avdeling for habilitering

Avdeling for habilitering har ansvar for omsorgstenestene for heimebuande psykisk utviklingshemma, og har eget budsjettområde. Avdelinga er lokalisert på Byglandsfjord, og har 5 brukarar buande der. Det er til saman 7 bustader på Sagmoen.

Avdelinga har eit dagtilbod for brukarane sine. Dette tilbodet er primært lokalisert til nybygget på Sagmoen, men og det gamle dagsenteret (1-2 dagar i veka).

Turnus/bemanningsbehov er i dag i tråd med reell bemanning.

Seniorsenter

Bygland kommune har eitt seniorsenter i drift på Byglandsfjord. Dette drivast av tilsette ved eininga i tett samarbeid med Bygland frivilligsentral. Seniorsenteret er eitt lågterskeltilbod til eldre i kommunen.

Overordna mål for verksemda

- I Bygland kommune skal alle oppleve eit godt og framtidretta pleie- og omsorgstilbod, som er i tråd med kva som er pålagt i helse- og omsorgslovgivinga.
- Eininga skal planlegge, gjennomføre, evaluere og om naudsynt korrigere verksemda sånn at tenestane sitt omfang og innhald er i samsvar med krav i lov og forskrift.
- Eininga skal arbeide målretta for å ha eit godt omdøme, både overfor innbyggjarar i kommunen og tilsette i eininga.
- Eininga skal møte pasientar/brukarar og pårørande med profesjonalitet, respekt og toleranse.
- Pleie- og omsorgstrengjande i Bygland kommune skal gjennom god kvardagsrehabilitering gjevast høve til å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.

Styringsmål

Eininga skal:

- Planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda i tråd med dei gjeldande og komande behov.
- Halde tildelt økonomisk ramme, og arbeide målretta for å få på plass ein enda meir kosteffektiv drift av eininga.
- Justere og tilpasse drifta for å kome i møte føringane i Stortingsmelding nr. 15 «Leve heile livet – ein kvalitetsreform for eldre».
- Vidareføre og etablere tenestetilbod som er i samsvar med innbyggjarane sine behov, med prioritet til dei lettare tenestetilboda som til dømes korttids- og avlastingstilbod, kvardagsrehabilitering, dag-/nattilbod, bruk av velferdsteknologi, m.v.



- Planleggje og korrigere verksemda i høve til aukande behov for lettare tenester og omsorgs-/aldersbustader.
- Vidareføre og utvikle kvalitetsstyringa for å sikre at tildeling og utføring av naudsynte tenester er lovmessig og forsvarleg.
- Vere ein relevant bidragsytar i tverretatlege samarbeidet internt i kommunen.
- Vere ein relevant bidragsytar i det kommunale forbetningsarbeidet.
- Vere ein relevant bidragsytar i det tverrfaglege helsenettverket i Setesdal.
- Gjennomføre all sakshandsaming med god kvalitet innanfor dei gjeldande lovmessige krav.
- Gjennomføre tiltak for å rekruttere, utvikle og behalde dei tilsette i eininga.
- Gjennomføre tiltak for å redusere sjukefråvere i eininga gjennom god førebygging, oppfølging og tilrettelegging.

6.9 Resultateining: Drift og Forvaltning inkl. VARF

Omtale av eininga

Drift og forvaltning utfører tenesteyting på fleire nivå, både internt i organisasjonen og for kommunen sine innbyggjarar. I grove trekk er hovudoppgåvene som følgjer:

1. Drift og vedlikehald av bygg, anlegg (VA) og infrastruktur (veg og grøntanlegg inkl. kyrkjegardar og gravartenester).
2. Sakshandsaming og oppfølging av ca. 25 ulike lovverk
3. Ulike drifts- og investeringsprosjekt
4. Personal- og økonomiansvar

Interne faghandlingsplanar for drift, vedlikehald og fagadministrasjon er forankra i gjeven budsjettamme, lovverk og faglege vurderingar. Saman med kommunen sine egne vedtak utgjer dette den gyldige styringsinformasjonen og skal forklåre handlingsmønsteret i 2020.

Ei utfordring gjennom budsjettåret er alle hendingar som ikkje kan planleggjast. Desse hendingane kan utløyse økonomiske omprioriteringar, men også omprioriteringar i høve korleis menneskapsressursane kan brukast når det gjeld tilgang på lovleg arbeidstid og kompetanse. Følgjene av nødvendige omprioriteringar gjennom året vil medføre at ein del planlagde eller ynskte tiltak ikkje vil kunne bli gjennomført. På den andre sida, så blir det utført andre oppgåver i staden.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 35: Drift og forvaltning ekskl. VARF			
Netto	13 770	12 674	13 575
	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 40: Drift og forvaltning - VARF			
Netto	801	1 063	439

Kommentar

Auken i budsjettet er litt over deflatorvekst. Årsaka til dette er m.a.:

- Lønns- og prisveksten.
- Straumkostnadane er justert opp litt i høve 2019-budsjettet.
- Vintervedlikehaldsbudsjettet er justert opp med kr 255 000.
- Det er lagt inn ekstra lønnskostnadar tilsvarande 16 % stilling for reinhald på Bygland frivilligsentral.



- Ein føreslår å bruke kr 80 000 til nytt doseringsanlegg i symjehallen på Bygland. Dette var eit prosjekt som i utgangspunktet var tenkt dekkja over investeringsbudsjettet i 2019, men andre tekniske løysingar gir ein redusert total kostnad.
- For å kunne utføre gode kart- og oppmålingstenester i område utan mobiltelefondekning, så det tilført kr 40 000 for innkjøp av radiolink.
- Det er oppstått eit ekstraordinært vedlikehaldsbehov på Bygland tun sidan det er behov for nytt torvtak. Kr 120 000 er budsjettet til dette tiltaket.
- Grendelaget på Byglandsfjord har i mange år hatt ynskje om midlar til bord og stolar i Lokomotivstallen. Her er føreslått å bruke kr 40 000 til dette tiltaket.
- I 2019 blei det tilført avtalar om bilgodtgjersle for tilsette som bruker privat bil i teneste. Dette gir eit auka budsjettbehov tilsvarande kr 75 000.
- Betre presisjon i arbeidet med MVA-budsjetteringa gir meir reelle tal samanlikna med tidligare.
- Det er fremja behov for å montere elektrisk døropnar på det offentlege sanitærbygget på Presteneset. Det er øyremerkt kr 30 000 til dette tiltaket.

Merk at fleire av desse kostnadane er eingongskostnadar som ein ikkje tar med seg vidare til påfølgjande budsjettår.

For sjølvkostområdet VARF (vatn, avløp, renovasjon og feiing) er det mindre justeringar. For gebyrsatsane for dei ulike tenestene, så visast det til gebyrregulativforslaget 2020.

Andre merknader til budsjettet:

- Som vanleg er det vanskeleg å få korrekt budsjett med tanke på kostnadar til vintervedlikehaldet.
- Straumprisane er noko usikre. Eit hovudmål er å søkje å finne løysingar som reduserer desse driftskostnadane.
- Når det gjeld personalprioriteringa så vil det med utgangspunkt i ei 100 % vakant stilling frå 2019 bli tilført 25 % stilling som reinhaldar i Årdalshallen. Dette frigjev kapasitet hjå personalet til uteseksjonen sidan denne oppgåva har blitt utført av vaktmester m.fl. 12 % stilling er tenkt plassert for reinhald av offentlig toalett på Presteneset. 40 % stilling er planlagt tilført personalressursar på uteseksjonen. Resterande ressurs blir overført sjølvkostområdet ved å endre lønnsbudsjetteringa mellom ansvarsområda. Oppgåvene blir fordelt på tenesteleiar, driftsleiar og driftsoperatørar. Dei totale lønnskostnadane frå 2019 til 2020 er auka med kr 118 129, noko som totalt sett gir reduserte lønnskostnadar i 2020 samanlikna med 2019 når ein tek omsyn til lønnsveksten.

Investeringsbudsjettet 2020

DFV har oppfølgingsansvar på dei fleste av investeringsbudsjettet sine postar saman med diverse driftsprosjekt som salderast ved bruk av fond, som t.d. jordbruksstilskottet. For 2020 ser ein seg nøydd til å be om noko arbeidsro til å få fullført prosjekt som er starta opp i 2019. Kommenterar til investeringsprosjekta finn ein i delkapitla 5.2 (2020) og 5.6 (2021-2023) medan ymse driftsprosjekt er kommentert under avsnittet om bruk av næringsfondet.

Styringsmål ved DFV

- Bygland kommune sine verdiar skal leggjast til grunn for våre handlingar: Stolt, framsynt, løysingsorientert, truverdig og lojal.
- Arbeide for å oppnå kommuneplanen sine hovudmålsettingar.
- Halde tildelt økonomiske ramme og fokusere på arbeids- og kostnadsreduserande tiltak som gjev handlingsrom for framtida.
- Fokuserer på forvaltningsregelverket og lovleg ivaretaking av brukarinteressene på ein måte som også kan forklare eventuelle motsetningar mellom brukarinteressene og kommunen på ein god måte.
- Søkje å vere i framkant med publikumsinformasjon.
- Arbeide for eit lågt sjukefråvær ved å førebygge, inkludere og følgje opp med tilrettelegging der det er mogleg.
- Samverke internt og med andre einingar og brukarar med ei målsetjing om å gjere kvarandre gode.



- Drifte bygg og anlegg til beste for brukarane og innbygarane sitt beste
- I dei tilfella der det oppstår økonomiske og tidsmessige utfordringar så skal handlingsaktiviteten til eininga prioritere tiltak, handsaming og drift som imøtekjem lovkrav, helse, miljø, tryggleik.
- I drifts- og vedlikehaldssamanheng på bygg og anlegg så skal ein prioritere oppvekstsentra, Byglandsheimen, aldersbustadane og bygg knytt til habiliteringstenesta, inkludert dagsenteret samt vassverka og kloakkreinseanlegga.

6.10 Resultateining: Større prosjekt

Omtale av eininga

Denne eininga er oppretta for å handtere større prosjekt i kommunen, eller prosjekt med anna finansiering.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining: 41 Større prosjekt			
Netto	1 635	1 550	1 370

Kommentar:

Endringar i budsjettramma på denne eininga skuldast først og fremst den generelle aktiviteten i kommunen relatert til driftsprosjekt. Det ligg normalt ikkje lønskostnadar under denne eininga. Ramma for 2020 er auka med 5,4 % samanlikna med 2019.

Prosjekt gratis tomter

Når kommunen gir vekk ei tomt, må salsverdien av tomta inntektsførast i investeringsrekneskapet, og den same verdien må kostnadsførast i driftsrekneskapet som eit tilskot. Tomteprisane varierer frå kr 25.000 til 200.000. Det er sett av kr 400.000 til dette formålet i 2020. Dette er riktig nok eit usikkert beløp fordi ein ikkje veit kor mange tomter kommunen gir vekk i 2020, og kva for verdi desse tomtene har. Budsjettet vil bli justert i løpet av året viss kommunen gir vekk tomter for ein større verdi enn kr 400.000. I økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande budsjett for dette prosjektet:

Prosjekt gratis tomter	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2020-2023
Netto	400	400	200	0	1 000

Prosjekt reguleringsplan Ose

Arbeidet med reguleringsplan for Ose bygdesenter avklara i 2019 større utgifter til planarbeidet enn budsjettet. For å vere sikker på å få fullført ein god plan, så er det ynskjeleg å budsjettere med ytterligere kr 250 000. Planen er viktig med tanke på ny Ose bru i framtida.

Prosjekt Presteneset

Det er sett av kr 100.000 i driftskostnadar til dette prosjektet i 2020.

Anna kommunal planlegging

Her er det sett av ein pott på kr 200.000 kor både ras- og flaumsikringsprosjektet og sentrumsutvikling Bygland (BFK4) er inkludert. Den generelle kapasiteten vil avgjere kor stor aktivitet, og følgjeleg kostnadar, det vil bli knytte til desse prosjekta i 2020.

Setesdal Vekst

Det er sett av kr 500.000 til næringsprosjektet Setesdal Vekst i 2020.



6.11 Resultateining: Eksterne samarbeid

Omtale av eininga

Denne eininga er budsjettert med kostnader til eksterne samarbeid kommunen har. Dette gjeld overføringar til IKS, vertskommunesamarbeid og overføringar til andre samarbeid kommunen tek del i. Årsaka er å skaffe seg ei enklare oversikt over samla kostnadsnivå. Samt at dette er i hovudsak kostnader ein ikkje kan påverke direkte. Dei er som oftast regulert gjennom vedtak på politisk nivå eller resultatata i dei einskilde objekta.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining: 80 Eksterne samarbeid			
Netto	14 540	12 471	12 704

Kommentar:

Oversikt over budsjetterte midlar:

Ansvarsområde	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Endring
Fellesutgifter/sectorovergripande	750 000	467 000	-283 000
- Skatteoppkrevjing			
- Setpro			
- Interkommunal arbeidsgjevarkontroll			
Kontrollutvalet	130 000	134 000	4 000
Revisjon	600 000	610 000	10 000
IKT	2 569 000	2 775 000	206 000
PPT	750 000	773 000	23 000
Musikk og kulturskule	490 000	425 000	-65 000
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	400 000	413 000	13 000
Setesdal barnevern	3 100 000	3 100 000	-
Legevakt	747 000	666 000	-81 000
Kommunal øyeblikkelig hjelp	123 500	509 000	385 500
Lokalmedisinske tenester	753 449	782 000	28 551
Setesdal brannvesen IKS	2 058 000	2 136 000	78 000
NAV	-	1 750 000	1 750 000
Vassdragsstyre for øvre Otra	-	-	-
Summert	12 470 949	14 540 000	2 069 051

Innleiingsvis må det presiserast at nokre av desse anslaga er særst usikre. Spesielt barnevern og IKT har vist seg å vere vanskeleg å budsjettere tidlegare, sidan det dukkar opp sakar og behov i løpet av året som er vanskeleg å spå på førehand. Eininga totalt sett viser ei budsjettert kostnadsauke på 16,9 %. Årsaka til at denne auka er primært at NAV-budsjettet er flytta over frå eining 32. Korrigerer ein for NAV-endringa er kostnadsveksten 2,6 %, som er litt under deflator.

Fellesutgifter/sectorovergripande

Skatteoppkrevjing:

Denne er eit vertskommunesamarbeid mellom Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kor førstnemnte er vertskommune. Departementet har føreslege at denne oppgåva vert overført til Skatteetaten frå og med 1. juni 2020 og det er difor berre budsjettert med 5/12 av ordinært budsjett. Kostnadsreduksjonen kommunane får knytte til dette er lagt inn som inntektsreduksjon i rammetilskotet.



Setpro:

Det er sett av kr 270.000 i driftsstøtte til Setpro AS i 2020.

Interkommunal arbeidsgjevarkontroll:

Bygland kommune er medlem av Interkommunal Arbeidsgiverkontroll i Agder. Kontoret held til i Grimstad. Departementet har føreslege at denne oppgåva vert overført til Skatteetaten frå og med 1. juni 2020 og det er difor berre budsjettert med 5/12 av ordinært budsjett. Kostnadsreduksjonen kommunane får knytte til dette er lagt inn som inntektsreduksjon i rammetilskotet. Totalt budsjett for skatteoppkrevjinga og arbeidsgjevarkontrollen utgjer kr 197.000 inkl. mva. i 2020.

Kontrollutvalet

Kommunen deltek her i det interkommunale samarbeidet Agder Sekretariat som er sekretariat for fleire kontrollutval på Agder. Merk at møtegodtgjersle til medlemane i kontrollutvalet kostnadsførast under eining for politisk styring og kontroll.

Revisjon

Det er Agder Kommunerevisjon IKS som er revisjonsselskap for Bygland. Det interkommunale selskapet har hovudkontor i Kristiansand og avdelingskontor på Evje. I budsjettert beløp inngår kr 545.000 i tilskot til IKS-et og kr 65.000 i konsulenttenester, i den grad revisjonen støttar kommunen med konsulentbistand.

Setesdal IKT

Setesdal IKT er eit interkommunalt samarbeid innan IKT kor Bykle er vertskommune. Hovudkontoret er følgeleg i Bykle, men dei har og eit avdelingskontor på Evje. Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes deltek i dette samarbeidet.

PPT

PPT (Pedagogisk Psykologisk teneste) er eit interkommunalt samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle kommunar. Tilbodet er retta mot born, unge, foreldre og vaksne samt pedagogisk personale i barnehagar og skuler. Valle kommune er vertskommune.

Musikk- og kulturskule

Bygland kommune og Evje og Hornnes kommune har samarbeida om drifta av kulturskulen sidan starten i 1998. Evje og Hornnes er vertskommune for ordninga, og administrativt ligg kulturskulen under eining for kultur i Evje og Hornnes kommune. Frå og med 2019 er det vedteke at Åseral kommune og skal delteke i samarbeidet. Budsjettreduksjonen frå 2019 er først og fremst på grunn av for høg budsjettering i 2019.

Aust-Agder museum og arkiv IKS

AAma vart etablert i 2015 då Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS, Setesdalsmuseet IKS og Stiftelsen Grimstad bys museer vart slege saman. AAma består av fire avdelingar som ein finn på følgjande tre administrative stadar: KUBEN i Arendal, Setesdalsmuseet på Rysstad og Sjøfartsmuseet i Aust-Agder i Grimstad. Budsjettet for 2020 er ei vidareføring frå 2019, justert for deflator.

Setesdal barnevern

Setesdal barnevern er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland kor Valle kommune er vertskommune. Budsjettet for 2020 er vanskelig å anslå sidan enkeltsakar som kan oppstå gjennom året vil kunne gje store utslag på kostnadsnivået.

Legevakt

Dette er eit samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes og Bygland kor Evje og Hornnes er vertskommune. Budsjettet for 2020 er justert ned samanlikna med 2019 på grunn av at opphøveleg budsjett for 2019 la til grunn at kommunal øyeblikkelig hjelp og legevakt skulle slåast saman, men dette vart ikkje noko av.



Kommunal øyeblikkelig hjelp (KØH)

Dette er og eit samarbeid mellom Evje og Hornnes og Bygland kommunar kor Evje og Hornnes er vertskommune. Budsjettet for 2020 er justert vesentleg opp samanlikna med 2019 på grunn av at opphavelag budsjett for 2019 la til grunn at kommunal øyeblikkelig hjelp og legevakt skulle slåast saman, men dette vart ikkje noko av.

Lokalmedisinske tenester (LMT)

Lokalmedisinske tenester Setesdal (LMT) er eit interkommunalt helsesamarbeid mellom Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes kommunar. Evje og Hornnes kommune er vertskommune. LMT held til på Evjeheimen på Evje. Budsjettet for 2020 er for det meste ei vidareføring av budsjettet for 2019.

Setesdal brannvesen IKS

Setesdal brannvesen IKS er eit interkommunalt selskap eigd av Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommunar. Selskapet har hovudkontor på Evje. Budsjettet for 2020 er for det meste ei vidareføring av budsjettet for 2019.

NAV

Omtale av samarbeidet:

Bygland kommune har, saman med kommunane Bykle, Valle, Åseral og Iveland nyleg sagt ja til å inngå i eit vertskommunesamarbeid om NAV med Vennesla kommune (NAV Midt-Agder). Dette samarbeidet tek til i frå 01.01.2020 og kontoret på Bygland vil bestå slik det er i dag. Planen er at dette skal styrke tenestetilbodet til innbyggjarane ytterlegare.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.):

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
NAV Bygland / NAV Midt-Agder	NAV Midt-Agder	NAV Bygland	Nav Bygland
Netto	1 750	1 544	1 233

Kommentar:

Ein reknar med at innstramningar knytte til nytt regelverk for arbeidsavklaringspengar vil kunne gje høgare utgifter til økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsstønad.

Generelt om NAV-kontoret på Bygland:

Etter at NAV Bygland blei etablert har det ført til at innbyggjarane i Bygland kommune får eit heilskapleg tenestetilbod som er eigna til å sikre rett yting til rett tid. Med riktig bruk av verkemidla som er tilgjengeleg i NAV, samt fokus på brukarmedverknad, er det stor von for å lykkast med dette arbeidet.

Fram til og med 2017 kunne ein sjå eit stabilt tal på sosialsakar, medan ein i 2018 og 2019 har sett ei auke i talet på klientar med sosialhjelp som hovudinntekt. Dette er noko som kan auke ytterlegare i 2020. Årsaka til denne auka skuldast mellom anna innstramningar kring regelverket for arbeidsavklaringspengar.

Flyktningtenesta og vaksenopplæringa har eit tett samarbeid rundt dei busette flyktningane slik at dei på best mogleg måte er rusta til å bli sjølvhjelpne og få høveleg arbeid når dei etter 2 (3) år er ferdig med introduksjonsprogrammet. Flyktningane mottar introduksjonsstønad og skal vere sjølvhjelpne så langt det let seg gjere. NAV skal heilskapleg arbeide mot at dei etter introduksjonsprogrammet skal vere sjølvhjelpne, ha god orden og innsikt i eigen økonomi og ha skaffa høveleg arbeid. Det vert ikkje busett nye flyktningar i 2019, grunna reduksjonen av flyktningstraumen.

Husbanken:

Ordninga med startlån er meir målretta mot personar med langvarige bustad- og finansieringsproblem. Ordninga har blitt meir tydeleg. Den vil i større grad enn tidlegare nå fram til dei personane som er vanskelegast stilt på bustadmarknaden, og som samtidig har økonomisk evne til å betene eit lån. Personar i målgruppa kan vere lågtlønnte, einslege forsørgjarar, flyktningar og utviklingshemma. Den nye forskrifta opnar og for å kunne formidle



startlån med opptil 50 års nedbetalingstid. Dette kan for eksempel vere i høve der låntakaren har problem med å skaffe seg en eigna leigebustad, leige er klart dyrare enn lang nedbetalingstid, og låntakar har låg, stabil inntekt og stabil livssituasjon (Henta frå husbanken.no). I 2018 og 2019 er det utbetalt to startlån i kommunen, medan det er innvilga to tilskot til tilpassing. Tilskot til tilpassing og etablering er ordningar som vert kommunen sitt ansvar i 2020. Det betyr mellom anna at det er kommunen sitt ansvar å sette av midlar på fond til desse ordningane, i motsetning til tidlegare kor kommunen fekk tilskot frå Husbanken etter behov. Kommunen har kr 371.000 til saman på fond for etablerings- og tilpassingstilskot, så ein kjem ikkje til å setje av ekstra midlar til dette i 2020.

Overordna mål for verksemda:

- NAV-kontoret skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Målsettinga for sosiale tenester er heimla i sosialtenestelova og har som hovudmål å fremje økonomisk og sosial tryggleik, og betre levekåra for dei som er vanskelegstilte.

Styringsmål:

- Å etablere eit tilstrekkeleg internkontrollsystem for å sikre at tildeling og utføring av tenestene er lovmessige og forsvarlege
- Sikre vedtak om, og oppfølging av, individuelle planar
- Vidareføre utviklingsarbeid som sikrar og styrkar tverrfagleg samarbeid
- Styrke dialogen med tenestemottakarar
- Utarbeide kompetanseplan og gjennomføre tiltak i samsvar med denne
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Lågt sjukefråvær gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukmelde

Vassdragsstyre for øvre Otra

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiskebiolog er sekretær. Dette ansvarsområdet vert anten saldert av øyremerka fond eller eksterne tilskotsmidlar.

6.12 Resultateining: Andre sentrale inntekter og kostnader

Omtale av eininga

Under denne eininga ligg sentrale inntekter og kostnader som skal direkte inn i drifta. Dette er inntektsføring av mva-refusjon i drift, sal av konsesjonskraft, bruk av næringsfond som ikkje ligg på andre einingar, kapitalinntekt frå sjølvkostområdet, avsetting til sentral tilleggslyving for lønnsauke, eigarkostnader til Agder Energi og premieavvik.

Økonomisk ramme (i heile 1000 kr.)

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Resultateining 90: Andre sentrale inntektar og kostnader			
Netto	-12 342	-9 888	-10 829

Kommentar:

Auka nettoinntekt frå 2019 til 2020 skuldast følgjande faktorar:

- Inntekter frå konsesjonskraft oppjusterast med om lag 0,8 mill. samanlikna med opphavelig budsjett for 2019.
- Kapitalinntekter frå sjølvkost justerast opp med om lag kr 350.000.
- Prognosane på premieavvik frå KLP og SPK er betydeleg høgare enn for 2019, men det må understrekast at desse prognosane er usikre på noverande tidspunkt.



Bygland 06.11.2019
Rådmannen



VEDLEGG: Budsjettskjema

A Bevilgningsoversikt drift, budsjett (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Generelle driftsinntekter			
Rammetilskot	-64 065	-62 794	-61 608
Innteks- og formuesskatt	-28 370	-27 011	-27 381
Eigedomsskatt	-9 100	-7 845	-7 957
Andre generelle driftsinntekter	-6 830	-6 600	-6 436
Sum generelle driftsinntekter	-108 365	-104 250	-103 381
Netto driftsutgifter			
Sum bevilgningar drift, netto	114 051	108 713	105 755
Avskrivningar	0	0	7 522
Sum netto driftsutgifter	114 051	108 713	113 277
Brutto driftsresultat	5 686	4 463	9 897
Finansinntekter/Finansutgifter			
Renteinntekter	-1 400	-1 200	-1 436
Utbytter	-6 797	-6 572	-6 898
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0
Renteutgifter	3 050	2 750	2 078
Avdrag på lån	5 275	4 900	4 602
Netto finansutgifter	128	-122	-1 655
Motpost avskrivningar	0	0	-7 522
Netto driftsresultat	5 814	4 341	719
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 154	-639	-1 119
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-4 660	-3 703	-675
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	-1
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 814	-4 341	-1 795
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk).	0	0	-1 076
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0



B Bevillingsoversikt drift, til fordeling (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Frå bevillingsoversikt:			
Til fordeling drift	113 626	108 713	105 755
Netto driftsutgifter pr. eining			
Politisk styring og kontroll	1 790	1 830	1 569
Sentraladm. og fellesutgifter	14 540	14 115	13 409
Kultur	2 134	1 583	1 890
Bygland Oppvekstsenter	20 258	18 196	17 373
Byglandsfjord Oppvekstsenter	12 364	11 605	10 907
Helse	9 784	9 592	7 567
NAV	764	-302	-823
Pleie og omsorg	33 136	32 416	34 198
Drift og forvaltning ekskl. VARF	14 045	12 699	13 680
Drift og forvaltning - VARF	903	747	-80
Store prosjekt	1 635	3 150	3 420
Eksterne samarbeid	15 040	12 971	13 473
Andre sentrale inntekter og kostnader	-12 342	-9 888	-10 829
Netto for alle einingar	114 051	108 713	105 755

Rammer per eining eksklusiv fondsdiskoneringar.



C Økonomisk oversikt etter art – drift (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Driftsinntekter			
Rammetilskot	-64 065	-62 794	-61 608
Inntekts- og formuesskatt	-28 370	-27 011	-27 381
Eigedomsskatt	-9 100	-7 845	-7 957
Andre skatteinntekter	-6 600	-6 300	-6 164
Andre overføringer og tilskot frå staten	-2 121	-5 919	-6 991
Overføringer og tilskot frå andre	-14 910	-16 031	-22 481
Brukarbetalingar	-4 995	-5 160	-4 925
Sals- og leieinntekter	-13 667	-12 690	-14 663
Sum driftsinntekter	-143 828	-143 749	-152 169
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	79 965	81 529	83 434
Sosiale utgifter	16 498	18 284	19 160
Kjøp av varer og tenester	41 534	37 668	41 313
Overføringer og tilskot til andre	11 487	10 650	10 634
Avskrivningar	0	30	7 522
Sum driftsutgifter	149 484	148 162	162 064
Brutto driftsresultat	5 656	4 413	9 895
Finansinntekter/Finansutgifter			
Renteinntekter	-1 370	-1 170	-1 436
Utbytter	-6 797	-6 572	-6 898
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0
Renteutgifter	3 050	2 771	2 080
Avdrag på lån	5 275	4 900	4 602
Netto finansutgifter	158	-71	-1 653
Motpost avskrivningar	0	0	-7 522
Netto driftsresultat	5 814	4 341	719
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:			
Overføring til investering	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 154	-639	-1 119
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-4 660	-3 703	-675
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	-1
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 814	-4 341	-1 795
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	-1 076
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0



D Bevilgningsoversikt investering, budsjett (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Investeringsutgifter			
Investeringar i varige driftsmidlar	25 840	41 435	6 857
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	600	600	603
Utlån av egne midlar	0	300	1 600
Avdrag på lån	0	800	3 004
Sum investeringsutgifter	26 440	43 135	12 064
Investeringsinntekter			
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 508	-1 075	-689
Tilskot frå andre	0	-4 000	-3 684
Sal av varige driftsmidlar	-300	-300	-764
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	0	-800	-1 052
Bruk av lån	-24 032	-36 360	-5 880
Sum investeringsinntekter	-25 840	-42 535	-12 069
Vidareutlån			
Vidareutlån	300	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-300	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	800	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-800	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar			
Overføring frå drift	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	548
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-600	-600	-543
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-600	-600	5
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)			
Inntekter til fordeling	0	0	0
Utgifter til fordeling	26 440	42 335	9 060
Sum til fordeling (netto)	26 440	42 335	9 060



E Bevilningsoversikt investering, til fordeling (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
Frå bevilningsoversikt:			
Netto investeringar til fordeling:	26 440	42 335	8 690

Prosjekt	Fordeling på prosjekt			
1046	Aksjekjøp kommunale selskaper 2017	0	0	60
1049	Byglandsfjord legekantor - Innredning 2017	0	0	455
557	Overvakingsystem kloakkpumpestasjonane	0	240	0
559	Renseanlegg Bygland	19 000	30 000	366
560	Renseanlegg Austadneset	0	2 800	115
563	Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	1 000	1 000	822
565	Forprosjekt saneringsplan og VA-prosjekt - Prestelidi	0	160	0
566	Etablere/utvide søppelplass - Nesmoen	0	250	0
567	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	1 500	0	0
568	UV-anlegg Åraksbø	200	0	0
569	Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	500	0	0
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	0	800	2 054
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	0	1 000	15
603	Prosjektering Lys og turløype Byglandsfjord	200	200	0
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen	0	225	0
752	Utbygging av gateljøs	300	0	0
753	Prosjektering ladestasjonar	250	0	0
804	Kartverk - Geovekstprosjektet	250	250	101
806	Bustadområde Austad	0	430	0
817	Kjøp tomtegrunn	300	500	566
828	IFK plan (idrett og friluftsliv)	150	150	84
841	Prosjekteringskostnad- Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi	450	430	0
848	Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen	600	550	0
860	Flyktningebustad 2 - Rindane	0	0	10
865	Renovering Heis Byglandsheimen	0	300	0
866	Ambulansestasjon Bygland	0	0	7
867	Ambulansestasjon Bygland - del heimesjukepleien	0	0	3
869	Ombygging av gammel gymsal til aula Bygland skole	0	500	596
873	Innkjøp av ny traktor - 2018	0	0	1 464
874	SD styring Årdalshallen	0	0	198
875	Brannsikring trehusbebyggelsen på Ose	220	0	0
876	Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland	0	150	0
877	Heradshuset	200	1 000	0
878	Stasjonsområdet Byglandsfjord	200	100	0
879	Innkjøp av minigraver - 2019	0	400	0
881	Nye plenklypparar - 2020	320	0	0
885	Ny sandfeiemaskin - 2020	200	0	0
950	Startlån	0	300	1 600
951	Eigenkapitalinnskott KLP	600	600	543
	Sum fordelt	26 440	42 335	9 060



F Bevilgningsoversikt drift, økonomiplan (budsjett)

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomi- plan 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023
Generelle driftsinntekter						
Rammetilskot	-61 608	-62 794	-64 065	-64 065	-64 065	-64 065
Inntekts- og formuesskatt	-27 381	-27 011	-28 370	-28 370	-28 370	-28 370
Eigedomsskatt	-7 957	-7 845	-9 100	-9 100	-9 100	-9 100
Andre generelle driftsinntekter	-6 436	-6 600	-6 830	-6 830	-6 830	-6 830
Sum generelle driftsinntekter	-103 381	-104 250	-108 365	-108 365	-108 365	-108 365
Netto driftsutgifter						
Sum bevilgingar drift, netto	105 755	108 713	114 051	112 781	112 481	112 541
Avskrivningar	7 522	0	0	0	0	0
Sum netto driftsutgifter	113 277	108 713	114 051	112 781	112 481	112 541
Brutto driftsresultat	9 897	4 463	5 686	4 416	4 116	4 176
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-1 436	-1 200	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Utbytter	-6 898	-6 572	-6 797	-6 797	-6 797	-6 797
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	2 078	2 750	3 050	3 650	3 650	3 650
Avdrag på lån	4 602	4 900	5 275	6 100	6 100	6 100
Netto finansutgifter	-1 655	-122	128	1 553	1 553	1 553
Motpost avskrivningar	-7 522	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	719	4 341	5 814	5 969	5 669	5 729
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 119	-639	-1 154	-649	-649	-649
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-675	-3 703	-4 660	-5 320	-5 020	-5 080
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-1	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 795	-4 341	-5 814	-5 969	-5 669	-5 729
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk).	-1 076	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0	0



G Bevillingsoversikt drift, økonomiplan til fordeling

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomi- plan 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023
<i>Frå bevillingsoversikt:</i>						
Til fordeling drift	105 755	108 713	113 801	112 781	112 481	112 541
Netto driftsutgifter pr. eining						
Politisk styring og kontroll	1 569	1 830	1 790	1 890	1 790	1 990
Sentraladm. og fellesutgifter	13 409	14 115	14 540	14 490	14 490	14 490
Kultur	1 890	1 583	2 134	2 134	2 134	2 134
Bygland Oppvekstsenter	17 373	18 196	20 258	20 158	20 158	20 158
Byglandsfjord Oppvekstsenter	10 907	11 605	12 364	12 339	12 339	12 339
Helse	7 567	9 592	9 784	9 784	9 784	9 784
NAV	-823	-302	764	764	764	764
Pleie og omsorg	34 198	32 416	33 136	33 136	33 136	33 136
Drift og forvaltning ekskl. VARF	13 680	12 699	14 045	13 355	13 355	13 355
Drift og forvaltning - VARF	-80	747	903	903	903	903
Store prosjekt	3 420	3 150	1 635	1 325	1 125	985
Eksterne samarbeid	13 473	12 971	15 040	15 040	15 040	15 040
Andre sentrale inntekter og kostnader	-10 829	-9 888	-12 342	-12 537	-12 537	-12 537
Netto for alle einingar	105 755	108 713	114 051	112 781	112 481	112 541

Rammer per eining eksklusiv fondsdisponeringar.



H Økonomisk oversikt drift etter art, økonomiplan

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomi- plan 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023
Driftsinntekter						
Rammetilskot	-61 608	-62 794	-64 065	-64 065	-64 065	-64 065
Inntekts- og formuesskatt	-27 381	-27 011	-28 370	-28 370	-28 370	-28 370
Eigedomsskatt	-7 957	-7 845	-9 100	-9 100	-9 100	-9 100
Andre skatteinntekter	-6 164	-6 300	-6 600	-6 600	-6 600	-6 600
Andre overføringer og tilskot frå staten	-6 991	-5 919	-2 121	-2 121	-2 121	-2 121
Overføringer og tilskot frå andre	-22 481	-16 031	-14 910	-14 910	-14 910	-14 910
Brukarbetalingar	-4 925	-5 160	-4 995	-4 995	-4 995	-4 995
Sals- og leieinntekter	-14 663	-12 690	-13 667	-13 667	-13 667	-13 667
Sum driftsinntekter	-152 169	-143 749	-143 828	-143 828	-143 828	-143 828
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	83 434	81 529	79 965	79 910	79 810	79 910
Sosiale utgifter	19 160	18 284	16 498	16 453	16 453	16 453
Kjøp av varer og tenester	41 313	37 668	41 544	40 693	40 693	40 793
Overføringer og tilskot til andre	10 634	10 650	11 477	11 158	10 958	10 818
Avskrivningar	7 522	30	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	162 064	148 162	149 484	148 214	147 914	147 974
Brutto driftsresultat	9 895	4 413	5 656	4 386	4 086	4 146
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-1 436	-1 170	-1 370	-1 370	-1 370	-1 370
Utbytter	-6 898	-6 572	-6 797	-6 797	-6 797	-6 797
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	2 080	2 771	3 050	3 650	3 650	3 650
Avdrag på lån	4 602	4 900	5 275	6 100	6 100	6 100
Netto finansutgifter	-1 653	-71	158	1 583	1 583	1 583
Motpost avskrivningar	-7 522	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	719	4 341	5 814	5 969	5 669	5 729
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-1 119	-639	-1 154	-649	-649	-649
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-675	-3 703	-4 660	-5 320	-5 020	-5 080
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-1	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 795	-4 341	-5 814	-5 969	-5 669	-5 729
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	-1 076	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0	0



I Bevilgningsoversikt investering, økonomiplan (budsjett)

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomi- plan 2020	Økonomi- plan 2021	Økonomi- plan 2022	Økonomi- plan 2023
Investeringsutgifter						
Investeringar i varige driftsmidlar	6 857	41 435	25 840	11 390	900	900
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	603	600	600	600	600	600
Utlån av egne midlar	1 600	300	0	0	0	0
Avdrag på lån	3 004	800	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	12 064	43 135	26 440	11 990	1 500	1 500
Investeringsinntekter						
Kompensasjon for meirverdiavgift	-689	-1 075	-1 508	-680	-30	-30
Tilskot frå andre	-3 684	-4 000	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-764	-300	-300	-300	-300	-300
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	-1 052	-800	0	0	0	0
Bruk av lån	-5 880	-36 360	-24 032	-10 410	-570	-570
Sum investeringsinntekter	-12 069	-42 535	-25 840	-11 390	-900	-900
Vidareutlån						
Vidareutlån	0	0	300	300	300	300
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	-300	-300	-300	-300
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	800	800	800	800
Mottatte avdrag på vidareutlån	0	0	-800	-800	-800	-800
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar						
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	548	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-543	-600	-600	-600	-600	-600
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	5	0	-600	-600	-600	-600
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)						
Inntekter til fordeling	0	0	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	9 060	42 335	26 440	11 990	1 500	1 500
Sum til fordeling (netto)	9 060	42 335	26 440	11 990	1 500	1 500



J Bevilingsoversikt investering, økonomiplan til fordeling

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomi-plan 2020	Økonomi-plan 2021	Økonomi-plan 2022	Økonomi-plan 2023
Frå bevilingsoversikt:						
Netto investeringar til fordeling:	9 060	42 335	26 440	11 990	1 500	1 500

Proj.	Fordeling på prosjekt						
1046	Aksjekjøp kommunale selskaper 2017	60	0	0	0	0	0
1049	Byglandsfjord legekantor - Innredning 2017	455	0	0	0	0	0
557	Overvakingssystem kloakkpumpestasjonane	0	240	0	0	0	0
559	Renseanlegg Bygland	366	30 000	19 000	0	0	0
560	Renseanlegg Austadneset	115	2 800	0	2 800	0	0
563	Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	822	1 000	1 000	1 000	0	0
565	Forprosjekt saneringsplan og VA-prosjekt - Prestelidi	0	160	0	160	0	0
566	Etablere/utvide søppelplass - Nesmoen	0	250	0	0	0	0
567	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	0	0	1 500	0	0	0
568	UV-anlegg Åraksbø	0	0	200	0	0	0
569	Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	0	0	500	0	0	0
601	Uteareal Bygland oppvekstsenter	2 054	800	0	800	0	0
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	15	1 000	0	0	0	0
603	Prosjektering Lys og turløype Byglandsfjord	0	200	200	0	0	0
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen	0	225	0	0	0	0
605	Uteareal Bygland barnehage	0	0	0	0	0	0
752	Utbygging av gateljos	0	0	300	0	0	0
753	Prosjektering ladestasjonar	0	0	250	0	0	0
804	Kartverk - Geovekstprosjektet	101	250	250	250	250	250
806	Bustadområde Austad	0	430	0	430	0	0
817	Kjøp tomtegrunn	566	500	300	500	500	500
828	IFK plan (idrett og friluftsliv)	84	150	150	150	150	150
841	Prosjekteringskostnad- Vatn til og avlaup frå Neset og Grendi	0	430	450	4 500	0	0
848	Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen	0	550	600	0	0	0
860	Flyktningebustad 2 - Rindane	10	0	0	0	0	0
865	Renovering Heis Byglandsheimen	0	300	0	0	0	0
866	Ambulansestasjon Bygland	7	0	0	0	0	0
867	Ambulansestasjon Bygland - del heimesjukepleien	3	0	0	0	0	0
869	Ombygging av gammel gymsal til aula Bygland skole	596	500	0	0	0	0
873	Innkjøp av ny traktor - 2018	1 464	0	0	0	0	0
874	SD styring Årdalshallen	198	0	0	0	0	0
875	Brannsikring trehusbebyggelsen på Ose	0	0	220	0	0	0
876	Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland	0	150	0	0	0	0
877	Heradshuset	0	1 000	200	0	0	0
878	Stasjonsområdet Byglandsfjord	0	100	200	0	0	0
879	Innkjøp av minigraver - 2019	0	400	0	0	0	0
880	Innkjøp av varebil - 2019	0	0	0	0	0	0
881	Nye plenklypparar - 2020	0	0	320	0	0	0
882	Rehabilitering firemannsbustad Bygland	0	0	0	200	0	0
883	Kartlegge moglege ENØK-tiltak Byglandsheimen	0	0	0	300	0	0
884	Innkjøp av sjølvgåande lift	0	0	0	300	0	0
885	Ny sandfeiemaskin - 2020	0	0	200	0	0	0
950	Startlån	1 600	300	0	0	0	0
951	Eigenkapitalinnskot KLP	543	600	600	600	600	600
Sum fordelt		9 060	42 335	26 440	11 990	1 500	1 500